


NORGES OFFISIELLE STATISTIKK



# JORDBRUKS- STATISTIKK 1967

AGRICULTURAL STATISTICS 1967

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS  
OSLO - NORWAY

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK XII 236



JORDBRUKSSTATISTIKK  
1967

AGRICULTURAL STATISTICS

1967

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY  
OSLO 1968

## Utkome før

Representativ landbrukstelling 1923 VII 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII 153, 1925 VII 183, 1926 VIII 28, 1927 VIII 39, 1928 VIII 77, 1930 VIII 140, 1931 VIII 166, 1932 VIII 194, 1933 IX 16, 1934 IX 43, 1935 IX 71, 1936 IX 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX 132, 1938 IX 159, 1939—1944 X 99, 1945 X 117, 1946 X 148, 1947 X 161, 1948 X 195, 1949 XI 44, 1950 XI 69, 1951 XI 108, 1952 XI 127, 1953 XI 176, 1954 XI 202, 1955 XI 235, 1956 XI 276, 1957 XI 308, 1958 XI 341, 1959 XII 46, 1960 XII 54, 1961 XII 84, 1962 XII 118, 1963 XII 149, 1964 XII 178, 1965 XII 202, 1966 XII 224.

Jordbrukstelingen i Norge 1949:

- Første hefte. Arealet, husdyrholdet m.v. XI 40.
- Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m.v. XI 71.
- Tredje » De naturlige jordbruksområder XI 87.
- Fjerde » Oversikt XI 103.

Jordbruksteljinga i Noreg 1959:

- Første hefte. Areal, husdyrhald, m.m. XII 40.
- Andre » Maskinar og reiskapar m.m. XII 53.
- Tredje » Eige- og leigetilhøve, arbeidskraft m.m. XII 79.
- Fjerde » Dei naturlege jordbruksområda XII 88.
- Femte » Oversyn XII 123.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbruksteljingar. Oppgaver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjonar som gjeld jordbruket, kan ein elles nemne meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon	1927/28 VIII 98.
« «	1946/47 XI 24.
Svineholdet 3. april 1934 og	1933 IX 38.
Pelsdyrtellingen 1. september	1934 IX 65.
« «	1936 IX 115.
« «	1946 X 151.

Beitetellingen 1935 IX 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX 18.

Bøndernes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X 183.

Alders- og yrkesstrukturen i jordbruket XII 169.

Fruktreteljing 1965 A 140.

## **Føreord**

I dette heftet legg Byrået fram resultatata frå utvalsteljinga i jordbruket pr. 20. juni 1967. Omfram dei vanlege oppgåvene over areal og husdyrhald blei det henta inn oppgåver over forbruket av trevyrke på gardane. Dessutan inneheld heftet resultatata av ei undersøking over tomteprisar i somme kommunar i 1966.

Hefтет inneheld elles den årlege statistikken over avlingane i jordbruk og hagebruk, husdyrhald pr. 31. desember, kjøtkontroll, fjøskontroll, paringsstatistikk for svin, løner i jordbruk og skogbruk, omsetnad og prisar på fast eigedom m.v. Det er også med eit oversyn over prisar på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel m.v.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for arbeidet med publikasjonen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 11. juni 1968.

**Odd Aukrust**

---

Norvald Ones

## **Preface**

This publication contains the results from the annual sample survey of agriculture at 20 June 1967. In addition to the usual statistics on area and livestock, data were collected on wood consumption on the holdings. Also included in this publication are the results of a survey on site prices in 1966.

This volume further contains the annual statistics of agricultural and horticultural crops, livestock at 31 December, controlled slaughtering, milk yield etc. registered at milk-recording societies, covered sows, wages in agriculture and forestry, sales and prices of real property etc., and a survey of prices of agricultural products and means of production etc.

Mr. Alfred Gustafson has been responsible for the preparation of this publication.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 11 June 1968.

**Odd Aukrust**

---

Norvald Ones

## Innhald

	Oversyn Side	Tabellar Nr.	Side
I. Det statistiske materialet .....	7		
II. Jordbruk og hagebruk .....	7	1—19	24
1. Brukstal og jordbruksareal .....	8	1— 8	24
2. Nydyrking .....	9	9—10	31
3. Avlingane .....	9	11—19	32
a. Jordbruket .....	10	11—15	32
b. Hagebruket .....	11	16—19	40
III. Husdyrhaldet .....	11	20—47	44
1. Talet på husdyr .....	11	20—30	44
2. Husdyrprodukt .....	12	31—47	51
a. Samla produksjon .....	12	31	51
b. Meieriproduksjon m.v. ....	12	32—40	52
c. Kjøtkontrollen .....	13	41—43	57
d. Færingsstatistikken for svin .....	13	44—45	59
e. Pelskinn .....	14	46	59
f. Fjøs kontrollen .....	14	47	60
IV. Driftsmiddel .....	14	48—54	61
1. Maskinar og reiskapar .....	14	48—51	61
2. Kunstgjødsel og kraftfôr .....	14	52—54	62
V. Arbeidskraft i jordbruket .....	15	55—59	65
VI. Prisar, økonomi m.v. ....	15	60—83	67
1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel .....	15	60—67	67
2. Rekneskapsresultat .....	16	68—73	71
a. Driftsresultat i jordbruket .....	16	68—69	71
b. Meieridrift .....	16	70—72	72
c. Jordbrukets totalrekneskap .....	17	73	74
3. Investeringar, lån og statstilskot .....	17	74—77	74
4. Løner i jordbruk og skogbruk .....	17	78	76
5. Prisar på faste eigedomar .....	18	79—83	77
a. Omsetnad av fast eigedom .....	18	79	77
b. Prisar på eigedomane .....	18	80—81	78
c. Tomteprisar i eit utval av kommunar .....	18	82—83	80
VII. Forbruket av trevyrke på gardane 1966—67 .....	19	84—85	81
Samandrag på engelsk .....	21		
Vedlegg			
1. Utvalsteljing for jordbruket 1967 .....	83		
2. Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå sidan 1. juli 1967..	85		

### Standardteikn

- Null
- .. Oppgåve vantar
- . Tal umogeleg (ulogisk)

## Contents

	General survey Page	Tables No.	Page
I. The statistical material .....	7		
II. Agriculture and horticulture .....	7	1—19	24
1. Number of holdings and agricultural area .....	8	1— 8	24
2. Cultivation .....	9	9—10	31
3. Production .....	9	11—19	32
a. Agriculture .....	10	11—15	32
b. Horticulture .....	11	16—19	40
III. Livestock .....	11	20—47	44
1. Number of livestock .....	11	20—30	44
2. Livestock production .....	12	31—47	51
a. Total production .....	12	31	51
b. Dairy products etc. ....	12	32—40	52
c. Controlled slaughtering .....	13	41—43	57
d. Covered sows .....	13	44—45	59
e. Fur production .....	14	46	59
f. Milk yield, etc., registered at milk-recording societies .....	14	47	60
IV. Means of production .....	14	48—54	61
1. Machinery and implements .....	14	48—51	61
2. Fertilizers and concentrated feeds .....	14	52—54	62
V. Labour force in agriculture .....	15	55—59	65
VI. Prices and working results .....	15	60—83	67
1. Prices of agricultural products and means of production .....	15	60—67	67
2. Working results .....	16	68—73	71
a. Working results of farms .....	16	68—69	71
b. Dairy industry .....	16	70—72	72
c. Aggregate account of agriculture .....	17	73	74
3. Investments, loans and subsidies .....	17	74—77	74
4. Wages in agriculture and forestry .....	17	78	76
5. Prices of real property .....	18	79—83	77
a. Sales of real property .....	18	79	77
b. Prices of the properties .....	18	80—81	78
c. Prices of building sites in some municipalities .....	18	82—83	80
VII. Wood consumed on farms 1966—67 .....	19	84—85	81
English summary .....	21		
Appendixes			
1. Sample survey of agriculture 1967 .....	83		
2. Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 July 1967 .....	85		

### Explanation of Symbols

- Nil
- .. Data not available
- . Category not applicable

# Oversyn

## I. Det statistiske materialet.

Pr. 20. juni 1967 blei det halde ei utvalsteljing for jordbruket etter liknande retningslinjer som i åra 1960—1966.

Teljinga omfatta om lag 20 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal (1959). Det var 10 prosent av bruka med 5,1 — 100 dekar jordbruksareal og 20 prosent av bruka med meir enn 100 dekar ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959. I utvalet var kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbruksteljinga. Innan kvar bruksklasse var bruka tekne ut tilfeldig. Utvalet som blei nytta i 1967 var det same som i åra frå 1960 til 1966.

Totaltal for areal og husdyrtal i 1967 er rekna ut for dei einskilde fylke på grunnlag av dei relative endringane i areal og husdyrtal frå 1959 til 1967 ved dei undersøkte bruka. Utrekninga gjeld såleis for bruk med over 5 dekar jordbruksareal, men det er gjort tillegg for bruk med inntil 5 dekar, med same areal og dyretal som i 1959.

I samband med areal- og husdyrteljinga 20. juni blei det i 1967 henta inn oppgåver over forbruket av trevyrke på gardane, på liknande måte som ved særskilde teljingar i 1937 og 1952.

Ei utvalsteljing for husdyrhald pr. 31. desember 1967 blei halden på same måte som ved førre årsskifte. Denne teljinga omfatta eit utval av kommunar, men elles dei same bruka som ved teljinga 20. juni. Det var med i alt om lag 8 000 bruk, eller nær 4 prosent av bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1959. På grunnlag av endringane i dyretalet frå juni til desember på dei undersøkte bruka, er det rekna ut totaltal for husdyrhaldet i heile landet under eitt.

Avlingsstatistikken for jordbruket byggjer på oppgåver frå jordstyret i kvar kommune. For hagebruket byggjer statistikken på oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa.

Årlege oppgåver over lønene i jordbruk og skogbruk blir innhenta på spørjeskjema som i januar blir sende til nokre gardbrukarar i kvar kommune.

Statistikken over omsetnad av faste eigedomar og utrekning av gjennomsnittsverdiar pr. skyldmark byggjer på oppgåver over tinglyste heimelsbyte.

Publikasjonen har også med ein del annan statistikk vedrørende jordbruket, frå Byrået og frå andre institusjonar.

## II. Jordbruk og hagebruk. (Tab. 1—19).

Med fulldyrka jord meiner ein jord som har vore pløgt eller oppbroten til vanleg plogdjupn. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslåtter, hamnehagar og anna udyrka beite i utmark. Frå 1959 er jordbruksarealet rekna som summen



av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord. Tidlegare var også utslåttene med.

Produktiv skog etter skogbruksteljinga i 1957 er skog som fyller same minstekrav som Landsskogtakseringen har rekna med ved revisjonstakseringane. Tala gjeld berre skogeigedomar med minst 25 dekar produktiv skog og/eller skogreisingsareal. Det blei halde ei ny skogbruksteljing i 1967, men resultatata frå denne ligg ikkje føre enno.

«Anna areal» er skilnaden mellom samla landareal etter Geografisk oppmåling og jordbruks- og skogarealet. Det meste er areal over skoggrensa. Dette arealet er rekna ut av Landsskogtakseringen, men seinare revidert i Byrået. «Anna areal» under skoggrensa omfattar såleis hagemark og utslåtter, myr under skoggrensa, uproduktiv mark (impediment) og areal nytta til byggjegrunn, vegar, jarnvegar m.v.

Samla landareal utgjør 95,3 prosent og ferskvatn 4,7 prosent av totalarealet.

### 1. Brukstal og jordbruksareal. (Tab. 1—8).

Oppgåver over jordbruksarealet og bruken av det blir kvart år i tidsrommet mellom dei fullstendige jordbruksteljingane samla inn ved utvalsteljingar pr. 20. juni. Frå 1959 gjeld tala både heradskommunar og bykommunar.

Etter utvalsteljinga i 1964 var talet på jordbruk over 5 dekar gått ned frå 198 000 i 1959 til 180 000 i 1964. Ein særskild analyse av dei 18 000 bruk som var blitt borte som særskilde driftseiningar og korleis arealet var nytta, er tatt inn i Jordbruksstatistikk 1964.

Ved utvalsteljinga i 1967 var talet på bruk over 5 dekar utrekna til 170 600. Nedgangen frå 1959 var såleis om lag 28 000 bruk, eller 14 prosent av brukstalet i 1959. Nedgangen var rundt 20 prosent i Agder og Nord-Noreg og 10—12 prosent i dei andre landsdelane.

I samband med ei undersøking over forbruket av trevyrke (jfr. kap. VII) blei talet på hushald og personar på bruka rekna ut. Talet på personar rekna ut i denne samanheng femnar noko meir enn det som ved jordbruksteljingane er kalla «folkemengda på bruk med over 5 dekar». Mellom anna får ein med huslyden til framand arbeidshjelp og somme anstalthushald. Etter teljingar av denne typen er talet på personar på bruka utrekna til 1 080 000 i 1937 (utan Finnmark), 958 000 i 1953 (utan Finnmark) og 679 000 i 1967 (av dette 13 600 i Finnmark). Rekna pr. bruk har talet på personar gått ned frå 5,3 i 1937 til 4,6 i 1953 og til 4,0 i 1967.

Ved teljinga i 1967 blei bruka grupperte etter brukstype (husdyrhald pr. 20. juni). I gjennomsnitt for bruk utan noko husdyrhald var det 1,0 hushald og 2,8 personar pr. bruk. Bruk med husdyrhald, men utan ku, hadde 1,2 hushald og 3,7 personar og bruk med ku hadde 1,2 hushald og 4,5 personar i gjennomsnitt.

På grunnlag av arealoppgåvene for 1967 er det også rekna ut tal for bruk over 5 dekar som dyrkar ymse vokstrar og arealet i gjennomsnitt for desse bruka. Jamført med jordbruksteljinga (1959) har kornarealet pr. bruk med korn auka frå 27 dekar til 42 dekar. Grønsakarealet på friland har auka frå 1,1 dekar til 3,6 dekar, medan potetarealet pr. bruk med potetdyrking berre har auka frå 3,0 til 3,1 dekar.

Om bruk med ymse slag husdyr, sjå side 11.

Etter arealoppgåvene ved utvalsteljinga er samla kornareal rekna ut til 2 285 000 dekar i 1967. Det er 2 prosent mindre enn året før. Byggarealet gjekk ned med 5 prosent. Havrearealet auka med 9 prosent og kveitearealet

med nær 90 prosent. Arealet av oljevokstrar til mogning er utrekna til 94 000 dekar, eller nær 50 prosent meir enn året før. Potetarealet gjekk ned med 10 prosent til 401 000 dekar, medan arealet av grønsaker på friland var om lag som året før.

Grønforarealet, medrekna fôrraps og eitt-årig raigras, auka med over 50 prosent, medan arealet av rotvokstrar og fôrmergkål gjekk ned med 3 prosent.

Samla areal åker og hage var om lag som i 1966. Samla engareal var og om lag som året før, både til slåtteng og beite.

Samla areal av fulldyrka jord var etter teljinga i 1967 vel så stort som året før, men jamføringar frå år til år av desse tala er usikre, av di det ikkje alltid er klart skilje mellom fulldyrka og ikkje fulldyrka eng. Det kan og vere tvil om grensene for det jordbruksarealet som skal reknast med (mellom eng som er nytta og eng ikkje nytta).

Etter jordlova og konsesjonslova skal spørsmål om bruk av dyrka jord til anna enn jordbruksføremål handsamast av landbruksadministrasjonen. Etter oppgåver frå Landbruksdepartementet blei i 1967 i alt 18 700 dekar godkjent nytta til ymse føremål: 2 000 til skogplanting, 10 600 til byggjegrund (bustader, industri, humanitære føremål), 2 000 til plassar og vegar og 800 til ymse anna. 3 300 dekar gjekk inn i område der jordlova ikkje gjeld (område med stadfest reguleringsplan). Frågang på grunn av vanhevd, nedleggjing av bruk og naturøydeleggjing er då ikkje rekna med.

## 2. Nydyrking. (Tab. 9—10).

Nydyrkinga med statsstønad auka fram til 1959, då det blei fulldyrka om lag 100 000 dekar. Seinare har nydyrkinga minka, og i 1967 var arealet knapt 50 000 dekar. Overflatedyrking med statsstønad har og gått tilbake, frå 25 000—30 000 dekar årleg i 1950—1960 til 8 000 dekar i 1967. Det er også gitt stønad til grøfting av tidlegare dyrka jord. Slikt grøfta areal har dei seinaste åra vore mellom 70 000 og 100 000 dekar.

## 3. Avlingane. (Tab. 11—19).

Ved utgangen av kvar månad i tida mai-oktober blir det sendt ut meldingar frå landbruksdirektøren om veksttilhøva og avlingsvonen for jordbruks- og hagevokstrane. Ved utgangen av oktober blir det og gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. Byrået reknar seinare ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter oppgåver frå jordstyra, og for hagevokstrane etter oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa (fylkesgartnarane).

Vinteren 1966—67 var etter måten mild, men med mykje nedbør i Sør-Noreg. I kyststroka kom mykje av nedbøren som regn. I dei nordlege fylka var det mindre nedbør enn vanleg. Våren kom tidleg i låglandet i Sør-Noreg, men kaldt ver og periodar med regn i mai førte til at mykje av våronna blei seinka. I Glåmavassdraget var det storflaum, og mykje dyrka mark blei skadd av flaumen. Også på Vestlandet var det avbrekk i våronna, og fjellbygdene kom mykje seinare enn vanleg i gang med vårarbeidet. Flatbygdene i Trøndelag hadde meir lagleg ver i våronna.

Ein god sommar retta opp mykje av den seinka veksten på Austlandet, men det blei vel tørt somme stader. Elles i landet var det stort sett ein kald sommar, og det var dårlege bergingsvilkår for høy. I september blei mykje haustarbeid utført under gode vertilhøve, men i oktober var det dårleg haustev, særleg i Sør-Noreg.

## a. Jordbruket. (Tab. 11—15).

For korn og erter til mogning var gjennomsnittsavlinga 273 kg pr. dekar, mot 217 kg i 1966. Kornarealet var noko mindre enn året før, men samla kornavling blei 624 000 tonn i 1967, mot 504 000 tonn i 1966. Avlinga pr. dekar er rekna til 97 prosent av eit middelsår i 1967, mot 77 prosent i 1966.

Dei beste korndistrikta på Austlandet og i Trøndelag fekk for det meste bra kornavlingar, og det meste var også bra berga. Somme stader var avling og kvalitet mindre bra, særleg for havren, som til dels var for seint mogen. Dårleg vekst- og haustever sette ned både avling og kvalitet over det meste av Vestlandet.

For landet under eitt gav bygget 272 kg pr. dekar og i alt 485 000 tonn, havren 273 kg pr. dekar og i alt 123 000 tonn. Kveiten gav 321 kg pr. dekar og i alt 11 000 tonn, og samla rugavling var 2 000 tonn.

Potetavlinga i 1967 var som gjennomsnitt for heile landet 2 010 kg pr. dekar mot 2 443 kg i 1966. Potetarealet var også noko mindre enn året før, og samla avling i 1967 var 807 000 tonn mot 1 090 000 tonn i 1966. Dei sør-austlege fylka fekk om lag middelsårs avling, og fylka elles på Austlandet om lag 90 prosent. På Vestlandet, i Trøndelag og i storparten av Nord-Noreg var det for det meste små potetavlingar, særleg i Hordaland og Sogn og Fjordane. Kvaliteten var også sett tilbake mange stader, særleg av skurv på Austlandet og tørråte på Vestlandet og i Trøndelag.

Samla avling av fôr-rotvokstrar og fôrmergkål er utrekna til 599 000 tonn i 1967 mot 636 000 tonn i 1966. Både samla areal og avling pr. dekar var mindre enn året før. Også her var det best avling i den sør-austlege delen av landet.

Avlinga av grønfôr er rekna ut til 117 000 tonn (som tørt grønfôr) mot 76 000 tonn i 1966. Det meste av auken kjem frå auke i arealet. Mykje av grønfôret blir nytta til silofôr.

For landet under eitt var gjennomsnittsavlinga av høy 616 kg pr. dekar fulldyrka eng og 391 kg pr. dekar natureng og overflatedyrka eng, mot 612 og 407 kg i 1966. Arealet av eng til slått var om lag det same som året før, og samla høyavling er rekna ut til 2 749 000 tonn, mot 2 728 000 tonn i 1966. Avlinga pr. dekar fulldyrka eng er rekna til 94 prosent av eit middelsår.

Over Austlandet, i Agder og Rogaland var det stort sett meir høy pr. dekar enn året før, og på Austlandet var kvaliteten svært god. Elles i Sør-Noreg var avlingane stort sett om lag som året før, men kvaliteten var til dels mykje dårlegare. Nord-Noreg, særleg Troms og Finnmark, fekk både mindre og dårlegare avling enn året før.

Samla avling av korn, potet, rotvokstrar og stråfôr (høy, grønfôr og halm) blei 2 136 mill. fôreiningar i 1967, mot 2 039 mill. f.e. i 1966 (avling frå beite er ikkje rekna med). Utrekninga av fôreiningar er gjort med faste omrekningstal. Talet på fôreiningar i alt viser difor samla avlingsvolum rekna som dyrefôr, medan den verkelege fôrverdien kan vere mindre eller større, etter kvaliteten av avlingane. Avlinga i 1967 er rekna til 94 prosent av eit middelsår, mot 90 prosent året før.

Avlinga i eit «middelsår» er i avlingsstatistikken definert som den avlingsmengd ein ventar å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonene. I gjennomsnitt for dei siste 10 åra var avlinga 94 prosent av eit middelsår. Det vil seie at «middelsåret» representerer eit avlingsnivå som ligg rundt 6 prosent høgare enn gjennomsnittet av dei oppnådde avlingane. Avviket frå gjennomsnittet er ikkje det same for alle vokstrane, og

er større for åkervokstrar enn for eng. Dei utrekna middelsårsavlingane pr. dekar gir elles eit godt bilete av utviklinga i dyrkingsteknikk m.v. frå år til år, av di middelsåret er lite påverka av dei årlege skifte i vokstertilhøve og avlingsmengd.

#### b. Hagebruket. (Tab. 16—19).

Vinteren 1965—66 var det store skadar i frukthagar og planteskular både av frost, snøbrekk og gnagarar. Skadane var særleg store over Austlandet og i Agder. Dette er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1966.

Vinteren 1966—67 var mild, med godt snødekke, og det var ikkje nemnande frostskaade, men somme stader, særleg i Trøndelag, var det gjort skade av gnagarar. Frukdblomstringa kom seint og ujamt i dei ulike landsdelar.

Samla fruktavling blei 69 000 tonn, eller 76 prosent av eit middelsår i 1967, mot 66 000 tonn og 73 prosent året før. Austlandsfylka og Aust-Agder fekk bra fruktavling, særleg av eple og plumme, men det var dårleg avling av alle fruktslag i fylka frå Vest-Agder til Møre og Romsdal.

Samla avling av hagebær blei 32 000 tonn (94 prosent av eit middelsår) mot vel 30 000 tonn året før. Det var stor jordbæravling, men meir vekslande avlingar av andre hagebær.

Også for grønsakdyrkinga var det sein våronn i det meste av landet, men mykje blei retta opp utover sommaren, og juli var ein bra vekstmanad for grønsakene.

Samla grønsakavling blei 136 000 tonn eller 97 prosent av eit middelsår, mot 150 000 tonn og 107 prosent året før.

Austlandet fekk stort sett bra grønsakavlingar også av meir kravfulle slag. Avlingane elles i landet var meir vekslande. Avlingsoppgåvene for grønsaker gjeld ikkje småkulturar som salat, persille m.v. og heller ikkje kjøkkenhagar.

### III. Husdyrhaldet. (Tab. 20—47).

#### 1. Talet på husdyr. (Tab. 20—30).

Talet på husdyr pr. 20. juni er rekna ut på grunnlag av utvalsteljingar kvart år mellom dei fullstendige jordbruksteljingane. Frå 1959 gjeld tala både heradskommunar og bykommunar.

Hestetalet har framleis gått tilbake. I 1967 var det 53 000 hestar pr. 20. juni, eller 13 prosent mindre enn året før. Talet på storfe i alt var 996 000, eller 4 prosent mindre enn i 1966. Det var 478 000 kyr i 1967, 5 prosent færre enn året før. Talet på kviger over 1 år auka litt, men det var færre ok-sar og kalvar enn året før.

Talet på sau og lam var knapt 2,1 millionar i 1967. Det var litt mindre enn året før. Talet på geiter var om lag som i 1966.

Talet på svin i alt pr. 20. juni var 590 000, eller 4 prosent større enn året før. Talet på høner og hønekyllingar i alt var 5,1 millionar, om lag som i 1966, men det var færre kyllingar og fleire vaksne høner enn året før.

Utrekningar over talet på bruk med ymse dyreslag og gjennomsnittleg buskapsstorleik viser at husdyrhaldet etter kvart blir samla på færre bruk med fleire dyr pr. bruk. Talet på kyr pr. bruk over 5 dekar med ku auka såleis

frå 4,0 i 1959 til 4,9 i 1967. Samstundes auka middels buskap av sau med 50 prosent og av svin og høns med 100 prosent.

På liknande måte som året før blei det henta inn særskilde oppgåver for bruk med over 100 svin og/eller 500 vaksne høner pr. 20. juni 1967. Oppgåvene er jamførte med tilsvarande tal frå 1959.

400 bruk hadde meir enn 100 svin i 1967. Desse bruka hadde 97 400 svin eller 16,5 prosent av samla svinetal i landet. I 1966 var det 338 slike bruk, med 14 prosent av samla svinetal, i 1959 236 bruk og 9,9 prosent.

746 bruk hadde meir enn 500 høner i 1967. Desse bruka hadde vel 1 mill. høner eller 27 prosent av samla hønetal i landet. I 1966 var det 715 slike bruk, med 24,5 prosent av samla hønetal og i 1959 237 bruk med 6,8 prosent av dyretalet. Talet på dyr i store buskapar har såleis auka meir når det gjeld høner enn svin. Dette heng først og fremst saman med auken i talet på store hønsehald, men det var også auke i middels dyretal pr. buskap.

Frå 1953 har det vore årlege husdyrteljingar ved utgangen av året. Desse teljingane omfattar nær 4 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal, og ein reknar ut totale dyretal berre for riket under eitt.

Byrået har ikkje årlege pelsdyrteljingar. Den siste fullstendige teljinga var i 1959. Norges Pelsdyrslag reknar ut dyretal på grunnlag av oppgåver over alsdyra og skinnproduksjonen. Desse tala kan ikkje utan vidare jamførast med Byråets teljingar, men tala viser likevel utviklinga i store trekk frå 1959, særleg den store auken i talet på mink.

## 2. Husdyrprodukta. (Tab. 31—47).

### a. Samla produksjon. (Tab. 31).

I samband med utvalsteljinga i 1965 blei det henta inn oppgåver for utrekning av samla husdyrproduksjon i landet. I Jordbruksstatistikk 1965 er det nærare omtale av resultatata frå teljinga. Liknande produksjonsteljingar blei haldne i 1928, 1947 og kvart 5. år frå 1950. For tidlegare år er det gjort ymse overslag over produksjonen på grunnlag av dyretalet.

Budsjettnemnda for jordbruket reknar årleg ut mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Saman med produksjonsteljingane er også oppgåver over omsetnaden av husdyrprodukt lagde til grunn for utrekningane. I samband med utrekningane av tala for 1967 er somme av oppgåvene for tidlegare år reviderte.

Førebels tal for 1967 syner ein produksjon på 132 000 tonn kjøt og flesk mot 134 000 tonn i 1966, og 38 000 tonn egg mot 37 000 tonn i 1966. Produksjonen av kumjølkk gjekk opp frå 1 680 000 tonn i 1966 til 1 705 000 tonn i 1967.

Utanom slakt av dei vanlege husdyra (hest, storfe, sau, geit og svin) reknar Budsjettnemnda med ein produksjon på 3 800 tonn fjørfeslakt, 1 900 tonn kjøt av tamrein og 250 tonn kaninkjøt. Samla produksjon av kjøt og flesk, medrekna fjørfe, tamrein og kaninar, var såleis utrekna til 139 900 tonn i 1966 og 138 200 tonn førebels for 1967.

Om produksjon av pelskinn sjå side 14.

### b. Meieriproduksjon m. v. (Tab. 32—40).

Opplysningar om meieribruket er samla inn heilt frå 1875. I 1924 blei statistikken tatt over av Statistisk Sentralbyrå. Alle meieri skulle då gi både månadsrapportar og ei årsoversikt over verksemda. Oppgåvene blei først sam-

la inn gjennom statens meierikonsulentar, men frå 1934 blei alle oppgåvene sende direkte frå meieria til Byrået.

Månadsoppgåvene over mottatt mjølk, sal av mjølk og fløyte og produksjon av smør og ost blei frå 1954 innhenta gjennom mjølkentralane, i samarbeid med Norske Melkeprodusenters Landsforbund. Månadsstatistikken er publisert i Statistisk månedshefte (tidl. Statistiske Meddelelser).

Årsstatistikken hadde meir detaljerte oppgaver over mjølkemengd og produksjon og dessutan eit samandrag av driftsrekneskapen. På grunnlag av dette har Byrået rekna ut den gjennomsnittspris på mjølka som produsentane får, dels som kontant mjølkeoppgjer, dels som verdi av andre ytingar frå meieriet. Årsstatistikken blei publisert i ein eigen publikasjon (Meieribruket i Noreg) kvart år frå 1925 til 1965.

Frå 1. januar 1966 er meieristatistikken omlagd. Månadsstatistikken blir heilt utarbeidd av Landsforbundet. Rikstala blir frameis publiserte i Statistisk månedshefte. Årsoppgåvene blir innhenta etter same prinsipp som for annan industri, og meieria er med i Byråets allmenne industristatistikk. Årsoppgåva inneheld dessutan driftsrekneskapen på same måten som før, men oppgåvene blir bearbeidde på ein noko annan måte (sjå side 16).

Opplysningane om meieria som industriverksemder er publiserte i Industristatistikk. Publikasjonen Meieribruket i Noreg er gått ut, men det er tatt inn meir enn før om meieribruket i Jordbruksstatistikk.

Tabellane over mottak av mjølk og korleis denne er nytta gjeld både meieri og kondenseringsfabrikkar, slik at all mjølk levert frå egne leverandørar (mjølkeprodusentar) kjem med. Alle oppgaver som gjeld mjølk og fløyte er frå 1966 gitt i liter (1 000 liter), mot før i kg (tonn). Oppgaver frå tidlegare år er rekna om. Mjølk nytta til anna enn smør og ost var før delt på mjølk (fløyte) selt til konsum og mjølk (fløyte) nytta i industrien. Etter omlegginga skil ein mellom sal av mjølk (fløyte) og mjølk nytta til kondensering og tørking. Salet gjeld difor både sal til vanleg konsum og sal som råstoff til slik industri som iskremfabrikkar, bakeri o.l. Som før er produksjon av sterilisert fløyte rekna med som sal. Salet av dei ymse slag mjølk og fløyte gjeld dei selde mengdene, medan samla sal omrekna til heilmjølk også gjeld svinnet ved handsaminga.

Mjølk som blir selt utanom meieria direkte til forbrukar eller kjøpmann kjem inn under tilskotsordninga for mjølk. Mengda av slik mjølk har gått mykje ned, frå om lag 10 mill. liter i 1960 til om lag 2 mill. liter i 1967. Mengda av fjell- og gardssmør og av gards- og seterost som er levert og er rettkomen for tilskot har også gått mykje ned, og var i 1967 på 1 421 tonn smør og 98 tonn ost.

#### c. Kjøttkontrollen (Tab. 41—43).

Oppgåvene frå kontrollveterinarane over offentleg kjøttkontroll gjeld tal og vekt på førstegongskontrollerte slakt. I 1967 blei det kontrollert 112 700 tonn slakt av dei vanlege husdyrslaga, mot 115 600 tonn året før. Utanom dette blei det kontrollert 2 900 tonn fjørfeslakt, 1 300 tonn reinslakt (tamrein og villrein), 2 800 tonn kvalkjøtt og 100 tonn slakt av andre dyr.

#### d. Paringsstatistikken for svin. (Tab. 44—45).

Frå 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgaver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon nyttast til å gjere overslag over fleskeproduksjonen året etter. Ein har rekna ut relative tal i høve til

same tid året før for jamførbare distrikt. Frå hausten 1959 er oppgåvene meir fullstendige enn før, og med stønad i rånetalet ved jordbruksteljinga i 1959 har ein rekna ut totaltal for para purker månadsvis for åra 1961—1967. Desse tala syner sesongendringa gjennom året og gir eit klarare bilete av utviklinga for ei årrekkje enn dei relative tala. Tala for 1967 tyder på auke i fleskeproduksjonen i 1968.

e. **Pelsskinn.** (Tab. 46).

Overslag over samla produksjon av pelsskinn frå pelsdyrgardane blir gjort av Norges Pelsdyrslag på grunnlag av omsetnad m.v. Det meste av produksjonen blir selt til utlandet. Oppgåver frå handelsstatistikken gir difor også eit bilete av produksjonsutviklinga.

I 1967 blei det utført 2 258 000 ureidde pelsskinn av rev og mink for i alt 200 mill. kroner, mot 1 879 000 skinn for 213 mill. kroner i 1966.

f. **Fjøs kontrollen.** (Tab. 47).

I 1967 var 27 200 buskapar med i alt 205 100 årskyr med i fjøs kontrollen. Over 40 prosent av kyrne i landet var under kontroll. Mjølkeavdråtten pr. ku ligg høgare i dei kontrollerte buskapane enn gjennomsnittet for landet etter produksjonsteljingane, men avdråttstala kan ikkje samanliknast utan vidare.

## IV. Driftsmiddel. (Tab. 48—54).

### 1. Maskinar og reiskapar. (Tab. 48—51).

Oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbruket får ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbruksteljingane.

Frå 1962 har ein henta inn oppgåver over traktorar også ved dei årlege utvalsteljingane, og i somme år også for andre jordbruksmaskinar.

Oppgåver over jordbruksmaskinar og bruken av dei i 1964 er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1964.

Talet på traktorar i juni 1967 er rekna ut til 98 400, mot 93 400 året før. Av traktorane i 1967 var 19 200 2-hjuls og 79 200 4-hjuls og andre.

I tillegg til 2-hjulstraktorane kjem 10 300 sjølvgåande motorslåmaskinar i 1967, mot 9 500 året før.

Talet på skurdtreskjarar var 9 800 i juni 1967 mot 9 700 året før. Av talet i 1967 var nær 4 600 sjølvgåande og 5 200 slepetreskjarar.

Mykje av maskinutstyret i jordbruket blir innført frå utlandet, men mykje kjem og frå norsk industri, som dessutan har utførsle av somme av desse produkta.

### 2. Kunstgjødsel og kraftfôr. (Tab. 52—54).

Gjennom oppgåver over omsetnad og lager har ein god kjennskap til forbruket av kunstgjødsel (handelsgjødsel) i landet for ei årrekkje. Etter oppgåver for salsseongen 1966—67 var forbruket 483 400 tonn vare sommaren 1967. Av dette var 302 400 tonn 3-sidige gjødselslag. Varemengdene er rekna om etter innhald av verdstoff (grunnstoffa nitrogen, fosfor og kalium). Samla forbruk i 1967 var 132 100 tonn verdstoff. Mengda har auka frå år til år, særleg for nitrogen. Høgprosentlege og allsidige gjødselslag utgjer ein

aukande del av forbruket. Nesten all gjødsla blir nytta i jord- og hagebruk. Relativt små mengder har til no vore nytta i skogbruket.

Innførsla av kraftfôr var mykje større i 1967 enn året før, men tilgangen frå norske produsentar var om lag som i 1966. Samla tilgang var 1 097 000 tonn i 1967, mot 971 000 tonn i 1966. Omsetnaden frå grossist m.v. auka frå 993 000 tonn i 1966 til 1 088 000 tonn i 1967. Mengda av kraftfôr omsett mot rabatt-tilvising gjekk noko ned siste året, slik at heile auken fell på kraftfôr omsett til full pris (dvs. med kraftfôravgift).

## V. Arbeidskraft i jordbruket. (Tab. 55—59).

Frå ymse kjelder ligg det føre statistikk som syner utviklinga i sysselsettinga i dei ymse næringar. Ei viktig kjelde er folketeljningane, som mellom anna syner talet på personar med hovudyrke i ulike næringar på ein gjeven teljingsdag. Gjennom sjuketrygda får ein månadsoppgåver over sysselsette lønstakarar i dei ymse næringar.

Særskilt for jordbruket er det både i samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i somme år, henta inn oppgåver for utrekning av samla arbeidskraft gjennom eit driftsår. I samband med utvalsteljinga i 1966 blei det såleis henta inn oppgåver over arbeidskrafta i driftsåret 1965—66.

Samla arbeidskraft er rekna ut som årsverk og gjeld heile bruket, medrekna hushaldet og eigen skog. Av 384 500 årsverk på bruk over 5 dekar i 1958—59 fall 229 300 årsverk på sjølve jordbruket. Ved teljinga i 1966 fekk ein nye oppgåver over korleis husmora sitt arbeid fordelte seg på jordbruket og hushaldet. Dersom ein for arbeidsstyrken elles reknar med same fordeling av årsverka på jordbruk, skog og hushald, får ein 180 700 årsverk på sjølve jordbruket i 1965—66, av 311 500 årsverk i alt på bruka.

Teljninga i 1966 er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1966, side 16 m.v.

## VI. Prisar, økonomi m. v. (Tab. 60—83).

### 1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel. (Tab. 60—67).

Sommaren 1966 blei det vedtatt ein to-årig jordbruksavtale for tida 1. juli 1966 til 30. juni 1968. Ein rekna med at avtalen skulle gi jordbruket ein inntektsauke på 175,5 mill. kroner i første avtaleåret og 47,5 mill. kroner meir enn dette i andre avtaleåret. Avtalen inneheld stort sett dei same tiltak som den førre avtalen, og inntektsauken kjem for det meste fram ved den auken i prisar og prisgrenser som avtalen fastset.

For det andre avtaleåret skulle dei aktuelle tiltak i medhald av avtalen fastsetjast seinare. Det var dessutan i avtalen føresegn om avtaleregulering, knytt til konsumprisindeksen og til kostnadsendingar i jordbruket. Då vilkår for avtaleregulering låg føre, blei det i april-mai 1967 tinga om ein samla tilleggsavtale for resten av avtaletida. Denne tilleggsavtalen rekna ein med skulle gi jordbruket ein inntektsauke på 154,8 mill. kroner. Av dette kjem 128,1 mill. kroner frå prisjusteringar på mjølk, kjøt, flesk og korn.

Det produksjonsnøytrale driftstilskotet som blei innført med avtalen av 1964 blei utbetalt første gongen sommaren 1965 med 111 mill. kroner til 119 000 brukarar. I 1966 blei denne summen utbetalt til 123 500 brukarar. Et-



ter avtalen for 1966—1968 blei driftstilskotet auka til 125 mill. kroner årleg. For 1966—67 blei tilskotet utbetalt til 125 300 brukarar og for 1967—68 til 120 200 brukarar.

Prisindeksen for jordbruket, som blir rekna ut ved Norges Landbrukshøgskole, syner endringane i prisane til produsent for dei viktigaste produkt. I gjennomsnitt for året 1967 var indekstalet 157, mot 149 for året før (1952=100).

For norsk korn blei grunnprisane frå hausten 1967 auka med 5 øre pr. kg havre og 3 øre pr. kg av andre kornslag. Trygdesatsane blei samstundes auka med 6 øre pr. kg havre og 4 øre pr. kg for andre kornslag.

Marknadsprisane for poteter og grønsaker var hausten 1967 stort sett høgare enn året før og låg til dels over dei fastsette øvre prisgrensene. Dette gav høve til innførsle av poteter og somme grønsakslag. Prisane på norsk frukt var om lag som året før.

Maksimalprisen for heilmjølkk til forhandlar blei auka med 7,2 øre pr. liter frå 1. juni 1967, og samstundes blei prisane på ost auka med 35 øre pr. kg. Tilskotsordningane for mjølk og mjølkeprodukt blei haldne ved lag, med små endringar.

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane syte for at middelpri- sane for året blir haldne på eller under dei nivå som er fastsette i jordbruks- avtalen. Ved tilleggsavtalen i 1967 blei middelpri- sane for kjøt auka med 20 øre og for flesk med 50 øre pr. kg. Av di tillegget var gjort frå 1. juni 1967, fekk dette verknad med 1/12 på middelpri- sane for 1966—67. Eggprisane blei ikkje endra ved tilleggsavtalen.

Prisane på pelsskinn gjekk mykje ned hausten 1966, men frå hausten 1967 var marknaden fastare.

Prisindeksen for produksjonsmiddel og produksjonstenester i jordbruket gjekk opp frå 161 i 1966 til 163 i 1967 (1952=100).

## 2. Rekneskapsresultat. (Tab. 68—73).

### a. Driftsresultat i jordbruket. (Tab. 68—69).

Eit oversyn over resultatata frå dei rekneskapane som Norges Landbruksøko- nomiske Institutt arbeider med, er gitt i tabell 68. I 1966 var produksjons- inntektene 490 kroner pr. dekar, medan kostnadene utanom arbeid og renter var 291 kroner pr. dekar. Produksjonsinntektene pr. dekar auka med 27 kroner frå året før og kostnadene med 21 kroner. Lønsevna, dvs. samla ar- beidsforteneste for familien og legehjelpa, gjekk opp frå 159 kroner pr. de- kar i 1965 til 164 kroner i 1966. Dette svarar til kr. 4,46 pr. time.

Rekneskapsresultata er og utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke utanom jordbruket, får ein samla arbeids- vederlag og forrenting. Frå dette går gjeldsrenter og kårtyningar, og ein får att nettoinntekta for familien. Rekna som uvegne gjennomsnitt for dei under- søkte bruka var nettoinntekta 22 134 kroner i 1965 og 21 927 kroner i 1966.

### b. Meieridrift. (Tab. 70—72).

Omlegginga av meieristatistikken er nemnt på side 12—13.

Dei oppgåvene over driftsrekneskapar som ein får inn, gjeld som før meieri med sideverksemdar, men ikkje kondenseringsfabrikkane. Oppgåvene blei før 1966 gitt for kvar meieriverksemd og blei bearbeidde fylkesvis. Frå 1966

blir oppgåvene gitt for kvart meieriføretak (med tilhøyrande verksemder), og dei blir bearbeidde for mjølkesentralområde. Finnmark fylke er rekna som eitt område. Nettoutbyttet blir rekna ut særskilt for sjølvmeieridrifta, for anna verksemd og samla for meieriføretaka. Nettoutbyttet blir rekna ut pr. liter mjølk (frå eigne leverandørar) mot før pr. kg.

Samandrag av driftsrekneskapane blir publisert i Statistisk ukehefte.

### c. Jordbrukets totalrekneskap. (Tab. 73).

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettnemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekkje syne kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdien av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket.

### 3. Investeringar, lån og statstilskot. (Tab. 74—77).

I tabellane er det gitt eit oversyn over investeringane i jordbruket dei seinaste åra etter nasjonalrekneskapen. Bruttoinvesteringa omfattar også kapitalslit — vedlikehald og avskrivningar — som er rekna med som årleg kostnad i totalrekneskapen.

Det er gitt tal som syner den delen av utlåna frå bankar og kredittsamskipnader som fell på næringane jordbruk og skogbruk. Gjelda til private långevarar og varegjeld til handlande er ikkje med i desse tala.

Gjennom statsbankane gir staten kreditt på rimelege vilkår. Utanom dette gir staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket gjennom rentefritak og tilskot. Tabellane viser statens utgifter til ymse slike føremål og tilskota til prisregulering for jordbruksvarer m.v. over statsrekneskapen og gjennom Prisdirektoratets prisreguleringsfond.

### 4. Løner i jordbruk og skogbruk. (Tab. 78).

Kvart år frå og med driftsåret 1915—16 er det innhenta oppgåver over lønene i jordbruket. Det blir nytta spørjeskjema som i januar blir sende til fire gardbrukarar i kvar heradskommune. For driftsåret 1967—68 kom det inn om lag 700 oppgåver.

Oppgåvene er ikkje individuelle lønsoppgåver, men skal gjelde den arbeidsløn som allment blir betalt i kommunen. På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som middeltal for riket og fylka. Middeltala dekkjer over store variasjonar i arbeidsløna.

I 1967—68 låg gjennomsnittslønene i jordbruket stort sett 8—10 prosent høgare enn året før. Sett i høve til nivået sommaren 1959, hadde månadslønene i jordbruket auka med 80—90 prosent og daglønene med 70—80 prosent. Hogstprisen for tømmer hadde auka med om lag 40 prosent sidan vinteren 1959—60 og hogstprisen for ved med 60 prosent.

Ein to-årig tariffavtale mellom Jordbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund frå 1. juli 1966 hadde som leiande timeløns-

sats kr. 6,92 pr. time, med eit innebygd tillegg på 20 øre frå 1. april 1967. Etter eit indekstillegg på 27 øre frå 16. mai 1967 var den leiande sats kr. 7,39 pr. time.

For gartneri og skogbruk er det særskilde avtalar.

### 5. Prisar på faste eigedomar. (Tab. 79—83).

#### a. Omsetnad av fast eigedom. (Tab. 79).

Byråets årlege statistikk over omsetnaden av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimelsoverføringar. I statistikken er ikkje tatt med ekspropriasjon av grunn til gater og vegar, men elles all omsetnad av byggverk og grunn. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimelsoverføring ved arv eller gåve.

Det blei i 1966 tinglyst i alt 54 000 heimelsoverføringar til ein salssum av 1 932 mill. kroner. I heradskommunar blei det omsett 40 300 eigedomar for 977 mill. kroner og i bykommunar 13 700 eigedomar for 955 mill. kroner.

Dei omsette eigedomar i heradskommunane hadde ei samla matrikkelskyld på 11 193 mark (Finnmark ikkje medrekna), mot 12 060 mark i 1965.

#### b. Prisar på eigedomane. (Tab. 80—81).

Særskilt for eigedomar med minst 24 øre i skyld blir det utrekna gjennomsnittsprisar pr. skyldmark.

Gjennomsnittsverdien pr. skyldmark for jordbruk byggjer i 1966 på i alt 4 178 heimelsovergangar. Av eigedomane blei 16 prosent omsett fritt til framande, medan 84 prosent var familiesal. Gjennomsnittleg pris pr. skyldmark for vanlege gardsbruk i fri omsetnad var kr. 34 801 i 1966, mot kr. 31 505 året før. For familiesal var prisen pr. skyldmark kr. 14 751 i 1966, mot kr. 14 403 i 1965. Gjennomsnittleg matrikkelskyld på dei gardsbruka som i 1966 blei selde til slektningar var 2,23 mark, mot 1,69 mark på eigedomar i fri omsetnad. Fordelt etter matrikkelskylda på eigedomane var skyldmarksverdien størst for dei små bruka.

For andre eigedomar (fjellområde, skog, tomter m.v. — utan og med bygnader — og «ikkje vanlege» gardsbruk) med minst 24 øre i skyld, var gjennomsnittleg pris pr. skyldmark kr. 122 000. For eigedomar med mindre enn 24 øre i skyld var prisen pr. eigedom kr. 19 237 i 1966, mot kr. 16 946 året før.

#### c. Tomteprisar i eit utval av kommunar. (Tab. 82—83).

I eit utval av by- og heradskommunar med relativt sterk boligbygging blei tomteprisane i 1966 særskilt undersøkt. Det var med få unntak dei same kommunane (etter kommunegrensene i 1958) som Prisdirektoratet hadde undersøkt på liknande måte for perioden 1939—1958.

Som grunnlag for undersøkinga blei nytta oppgåvene over tinglyste heimelsoverføringar i 1966. Som tomtepris blei brukt den tinglyste salssum, eller den årlege festeavgifta multiplisert med 25. Arealoppgåver og andre opplysningar fekk ein frå kommunane.

Av eit samla tilfang på 3 500 tinglyste overdragingar som galdt byggetomter, fekk ein nærare opplysningar om 2 843 tomter for boligbygg, med samla tomteareal på 6 247 dekar og utrekna salssum på 61,9 mill. kroner.

185 av desse tomtene var på over 3 dekar (i gjennomsnitt 19,3 dekar) med samla areal 3 572 dekar og salssum på 29,2 mill. kroner.

2 658 av tomtene var på inntil 3 dekar (i gjennomsnitt 1 dekar) med samla areal 2 675 dekar og salssum 32,7 mill. kroner. Gjennomsnittsprisen på desse tomtene var kr. 12,23 pr. m<sup>2</sup>, mot kr. 7,68 i gjennomsnitt for denne storleiksgruppen i 1958 og kr. 3,69 i 1939.

Ein må ta sterke atterhald ved jamføring frå teljing til teljing, mellom anna på grunn av forskyving av omsetnaden til meir perifere strok, og endringar i vanleg standard for veg, vatn og kloakkbygging. Dersom ein veg den relative prisauken i 4 hovudområde (Oslo, Bergen, andre bykommunar, heradskommunar) med omsett areal i teljingsåret, finn ein for 1966 eit prisnivå som var 70—80 prosent høgare enn i 1958.

Med omsetnaden i bykommunar og heradskommunar i dei ymse landsdelar (i alt 12 område) som veker, kjem ein fram til at prisnivået i 1966 var om lag dobbelt så høgt som i 1958 og 4½ gonger nivået i 1939.

Undersøkinga er nærare omtala i Statistisk ukehefte nr. 49, 1967.

## VII. Forbruket av trevyrke på gardane. (Tab. 84—85).

I samband med utvalsteljinga i jordbruket i juni 1967 blei det henta inn oppgåver over forbruket av trevyrke til husbehov i 1966—67. Føremålet med denne undersøkinga var mellom anna å rekne ut nye tal for den skogavvirkinga som ikkje kjem med i den årlege statistikken over avvirking til sal og industriell produksjon. Liknande teljingar av trevyrke til husbehov blei haldne i 1953 og 1937.

Over 21 000 brukseiningar frå jordbruksteljinga i 1959 var med i utvalsteljinga i 1967. På grunnlag av oppgåvene for desse bruka er det rekna ut totaltal for fylke og bruksklassar (storleiksklassar etter jordbruksareal i 1967).

Talet på bruk over 5 dekar var 198 300 i 1959 og var etter teljinga i 1967 gått ned til 170 600. Av desse var 60 800 utan skog og 109 800 hadde eigen skog. Skog som høyrer til eit paktingsbruk er rekna som eigen skog. På grunnlag av teljingsmaterialet er det samla skogarealet til bruka utrekna til 36,5 mill. dekar.

32 200 bruk hadde bruksrett i annan skog, for det meste i allmenning. Om lag 2/3 av bruka med bruksrett hadde også eigen skog.

Sidan 1959 er 27 700 bruk blitt borte som særskilde brukseiningar over 5 dekar. Om lag halvparten av desse hadde fast busetjing i 1967, og mange hadde også eigen skog og/eller bruksrett til trevyrke. Ved utrekninga av samla forbruk av trevyrke er desse bruka rekna med. I alt var det fast busetjing på 180 000 brukseiningar.

I oppgåvene over forbruk av trevyrke skil ein mellom stammevyrke og avfallsvyrke. Forbrukstala er rekna ut i m<sup>3</sup> fast mål.

Forbruket på gardane av stammevyrke er utrekna til 1,20 mill. m<sup>3</sup> i 1966—67, mot 2,75 mill. m<sup>3</sup> etter teljinga i 1952—53. Av forbruket i 1966—67 var 347 000 m<sup>3</sup> gagnvyrke, 80 000 m<sup>3</sup> gjerdefang, staur o.l. og 775 000 m<sup>3</sup> brensel. I alt var 864 000 m<sup>3</sup> frå eigen skog, 121 000 m<sup>3</sup> tatt ut på bruksrett og 217 000 m<sup>3</sup> innkjøpt vyrke.

Av det innkjøpte vyrke var 76 000 m<sup>3</sup> gagnvyrke, som ein reknar kjem med i den årlege statistikken over avvirking til sal og industriell produksjon. Forbruket av stammevyrke unnateke det innkjøpte gagnvyrke er såleis for

1966—67 utrekna til 1 126 000 m<sup>3</sup>, mot 2 483 000 m<sup>3</sup> i 1952—53 og 2 787 000 m<sup>3</sup> i 1936—37 (reviderte tal). Ei utrekning i samband med skogbruksteljinga i 1957 synte eit tilsvarande forbruk på 1 904 000 m<sup>3</sup> i 1956—57. (Utrekningar frå skogbruksteljinga i 1967 ligg ikkje føre enno.)

Forbruket på gardane av avfallsvyrke til brensel (bakhon, gamle byggjematerialar, kvist o.l.) er utrekna til 122 000 m<sup>3</sup> i 1966—67, mot 261 000 m<sup>3</sup> i 1952—53 og 568 000 m<sup>3</sup> i 1936—37.

På alle brukseiningar med fast busetjing blei det nytta elektrisitet til koking og/eller oppvarming. Til brensel blei det elles nytta parafin/olje på 19 prosent av bruka, koks/kol på 29 prosent og torv på nokre få prosent av bruka. Mengdetal for forbruket på gardane av desse brenselslaga er ikkje rekna ut for 1966—67.

Samla forbruk av stammevyrke på gardane i 1966—67 var berre 44 prosent av forbruket i 1952—53. Nedgangen var relativt størst for innkjøpt vyrke, minst for vyrke frå eigen skog. Det var større nedgang for vyrke av bartre enn av lauvtre. Nedgangen var såleis minst for lauvtrebrensel frå eigen skog, der forbruket i 1966—67 var vel 60 prosent av forbruket i 1952—53.

Oppgåvene for 1966—67 er nærare analyserte for dei 170 600 bruka i drift i 1967 (bruk over 5 dekar).

Rekna pr. bruk over 5 dekar var samla forbruk av stammevyrke i 1966—67 knapt 7 m<sup>3</sup>, eller vel 50 prosent av forbruket i 1952—53 (knapt 13 m<sup>3</sup>).

Ei gruppering av bruka etter jordbruksareal og skogareal viser at forbruket var 3—5 m<sup>3</sup> i gjennomsnitt for små bruk utan skog eller med lite skog, og at det auka til 15—20 m<sup>3</sup> for større bruk med mykje skog.

Vel fjerdeparten av bruka hadde ikkje forbruk av stammevyrke i 1966—67. Det var tilfelle med relativt mange av dei mindre bruka, og særleg av bruk utan eigen skog. Av bruk med forbruk av stammevyrke hadde 68 prosent eit forbruk på 1—9 m<sup>3</sup>, 24 prosent hadde eit forbruk på 10—19 m<sup>3</sup> og 8 prosent hadde 20 m<sup>3</sup> og meir.

Av 123 700 bruk over 5 dekar med forbruk av stammevyrke var det 91 100 som nytta vyrke frå eigen skog (dvs. 83 prosent av bruka med skog). 12 800 bruk tok ut vyrke på bruksrett (dvs. berre 40 prosent av dei bruka som hadde bruksrett til trevyrke).

Forbruket av gagnvyrke og gjerdefang m.v. er knytt til drifta av bruket. Nedgangen i forbruket heng difor saman med endringane i bruksstrukturen i jordbruket. Nybygg og vedlikehald fell bort på mange av dei bruka som er nedlagde, men endringane i driftsform og driftsteknikk spelar også inn. Byggjestatistikken for dei seinare åra viser såleis nedgang frå om lag 400 000 m<sup>2</sup> grunnflate landbruksbygg tatt i bruk årleg i 1961—62, til knapt 300 000 m<sup>2</sup> årleg i 1966—67. Forbruket av trevyrke er dessutan påverka av overgangen til anna byggjemateriale enn tre.

Forbruket av brensel er i stor mon knytt til hushaldet. Ved teljingane er det difor tatt med spørsmål om talet på hushald og personar på bruka (sjå også side 8). Ved dei tidlegare teljingane blei det også spurt etter talet på eldstader i bruk. Rekna pr. person var samla forbruk av stammevyrke 2,78 m<sup>3</sup> i 1936—37 og i 1952—53, men gjekk ned til 1,71 i 1966—67. Av dette gjekk til brensel 1,78 m<sup>3</sup> i 1936—37, 1,75 m<sup>3</sup> i 1952—53 og 1,08 m<sup>3</sup> i 1966—67. Forbruket av avfallsvyrke til brensel gjekk ned frå 0,51 m<sup>3</sup> pr. person i 1936—37 til 0,27 m<sup>3</sup> i 1952—53 og 0,17 m<sup>3</sup> i 1966—67.

Forbruket av trevyrke på gardane blir nærare omtala i Skogstatistikk 1967.

## English summary

According to the 1967 sample survey of agriculture the total area under grain decreased by 2 per cent compared to the previous year. The potato area decreased by 10 per cent, whereas the area of vegetables remained nearly unchanged. In 1967 the total crop yield amounted to 94 per cent of a mean annual yield (1966: 90 per cent). The production of vegetables was smaller in 1967 than the previous year and the fruit production was somewhat higher.

The decline in the number of horses continued. There was also a decrease in the number of cattle and sheep, but the number of pigs and chickens increased. Preliminary figures indicate growth in the output of most of the livestock products.

A sample survey of wood consumption on farms was carried out in 1967, covering the consumption year 1966—67. In terms of  $m^3$  of solid wood the consumption is calculated to 1,20 million  $m^3$ , compared to 2,75 million  $m^3$  in 1952—53.



## **Tabellar**



Tabell 1. Landarealet i dei einiskilde fylke.<sup>1</sup>  
*Land area by county.*

Fylke <i>County</i>	Samla landareal Km <sup>2</sup> <i>Total land area km<sup>2</sup></i>	Prosent <i>Percentages</i>					
		I alt <i>Total</i>	Fulldyrka jord <sup>2</sup> <i>Cultivated land</i>	Natureng og over- flatedyrka jord <sup>2</sup> <i>Permanent grassland</i>	Produktiv skog <sup>3</sup> <i>Productive forests</i>	Anna areal <i>Other land</i>	
						Under skoggrensa <i>Below the timber-line</i>	Over skoggrensa <i>Above the timber-line</i>
Østfold . . . . .	3 884	100	19,4	1,0	51,0	28,6	—
Akershus og Oslo ..	5 024	100	16,2	1,3	59,3	23,2	—
Hedmark . . . . .	26 283	100	3,4	0,6	47,8	18,6	29,6
Oppland . . . . .	24 117	100	2,9	0,8	26,1	18,1	52,1
Buskerud . . . . .	13 805	100	3,2	0,6	35,9	17,6	42,7
Vestfold . . . . .	2 262	100	20,1	1,1	53,4	25,4	—
Telemark . . . . .	14 191	100	1,9	0,4	30,4	30,6	36,7
Aust-Agder . . . . .	8 613	100	1,7	0,2	35,2	28,5	34,4
Vest-Agder . . . . .	6 825	100	2,8	0,5	25,6	33,8	37,3
Rogaland . . . . .	8 530	100	5,3	2,2	7,2	58,6	26,7
Hordaland og Bergen	14 918	100	2,3	1,4	10,5	39,9	45,9
Sogn og Fjordane ..	17 802	100	1,6	1,2	9,7	35,6	51,9
Møre og Romsdal ..	14 682	100	3,0	1,2	12,7	41,1	42,0
Sør-Trøndelag . . . .	17 930	100	3,5	0,5	22,0	29,5	44,5
Nord-Trøndelag . . .	21 056	100	3,2	0,3	28,3	23,1	45,1
Nordland . . . . .	36 286	100	1,4	0,5	13,3	15,5	69,3
Troms . . . . .	25 660	100	1,2	0,4	13,6	22,8	62,0
Finmark . . . . .	46 537	100	0,2	0,1	15,4	14,8	69,5
I alt . . . . .	308 405	100	2,7	0,6	22,8	24,5	49,4

<sup>1</sup> Fylkesgrensar som i 1959 *County boundaries as in 1959.* <sup>2</sup> Jordbruksteljinga 1959 *Census of Agriculture 1959.* <sup>3</sup> Skogbruksteljinga 1957. *Census of Forestry 1957.*

**Tabell 2. Bruka etter storleiken på jordbruksarealet.**  
*Holdings by size of agricultural area.*

År Year Fylke County	I alt Total	5,1—20 dekar decares	20,1—50 dekar decares	50,1—100 dekar decares	100,1—200 dekar decares	Over 200 dekar decares	Bruk blitt borte som særskild drifts- eining sidan 1959 <i>Holdings disconti- nued as separate holdings since 1959</i>
1959.....	198 315	60 303	75 527	42 126	15 074	5 285	.
1966.....	171 667	42 921	64 621	42 890	15 851	5 384	26 648
1967.....	170 599	42 090	64 164	43 195	15 649	5 501	27 716
Av dette: <i>Of which:</i>							
Østfold .....	6 339	871	1 191	1 569	1 632	1 076	718
Akershus og Oslo.	7 118	1 418	1 459	1 646	1 472	1 123	1 268
Hedmark .....	15 000	4 168	5 304	3 327	1 296	905	2 174
Oppland .....	13 795	2 961	4 973	3 604	1 656	601	1 243
Buskerud .....	7 871	1 830	2 516	2 152	1 124	249	1 398
Vestfold .....	4 596	783	743	1 441	1 285	344	744
Telemark .....	6 878	1 838	3 153	1 579	275	33	1 011
Aust-Agder .....	4 402	1 691	2 060	572	65	14	881
Vest-Agder .....	5 471	1 643	2 867	894	67	—	1 772
Rogaland .....	10 385	1 638	3 453	3 796	1 334	164	1 231
Hordaland og Bergen .....	13 080	3 975	5 581	3 168	332	24	2 002
Sogn og Fjordane.	10 624	2 338	4 269	3 665	342	10	697
Møre og Romsdal.	13 341	3 274	5 928	3 597	503	39	2 091
Sør-Trøndelag ...	10 904	2 209	3 421	3 546	1 472	256	1 257
Nord-Trøndelag .	9 641	1 832	2 792	2 626	1 783	608	900
Nordland .....	17 202	5 461	7 560	3 400	735	46	4 519
Troms .....	10 270	2 955	5 270	1 823	217	5	2 736
Finmark .....	3 682	1 205	1 624	790	59	4	1 074

**Tabell 3. Hushald og personar etter storleiken på jordbruksarealet.**  
*Households and persons by size of agricultural area.*

	I alt <i>Total</i>	5,1—20 dekar <i>decares</i>	20,1—50 dekar <i>decares</i>	50,1—100 dekar <i>decares</i>	100,1—200 dekar <i>decares</i>	Over 200 dekar <i>decares</i>
1967						
Bruk <i>Holdings</i> .....	170 599	42 090	64 164	43 195	15 649	5 501
Hushald <i>Number of households</i>	199 061	44 877	71 717	52 228	20 648	9 591
Personar <i>Number of persons</i> ..	679 101	139 735	237 230	187 506	76 028	38 602
Hushald pr. bruk <i>Households pr. holding</i>						
1937.....	1,12	1,06	1,11	1,16	1,21	1,54
1953.....	1,19	1,07	1,17	1,24	1,36	2,05
1967: I alt <i>Total</i> .....	1,17	1,07	1,12	1,21	1,32	1,74
Utan husdyrhald <i>Without live-stock</i> .....	1,01	1,00	0,94	1,02	1,15	1,61
Med husdyr, utan ku <i>With live-stock, but no cows</i> .....	1,16	1,10	1,14	1,18	1,31	1,60
Med ku <i>With cows</i> .....	1,22	1,11	1,15	1,23	1,34	1,84
Personar pr. bruk <i>Persons per holding</i>						
1937.....	5,28	4,47	5,12	5,73	7,05	10,37
1953.....	4,59	3,92	4,48	4,94	5,67	9,03
1967: I alt <i>Total</i> .....	3,98	3,32	3,70	4,34	4,86	7,02
Utan husdyrhald <i>Without live-stock</i> .....	2,80	2,73	2,53	2,98	3,52	5,54
Med husdyr, utan ku <i>With live-stock, but no cows</i> .....	3,65	3,43	3,54	3,77	4,44	5,59
Med ku <i>With cows</i> .....	4,48	3,92	4,03	4,59	5,13	7,98

**Tabell 4. Bruk<sup>1</sup> som dyrkar ymse vokstrar.**  
*Holdings cultivating various crops.*

År <i>Year</i> Fylke <i>County</i>	Korn <i>Grain</i>	Potet <i>Potatoes</i>	Grønsaker på friland <i>Vegetables</i>	Dekar pr. bruk <i>Decares per holding</i>		
				Korn <i>Grain</i>	Potet <i>Potatoes</i>	Grønsaker <i>Vegetables</i>
1959.....	79 777	174 396	43 914	27,3	3,0	1,1
1967.....	54 509	138 242	15 579	41,9	3,1	3,6
1967:						
Østfold .....	5 282	4 807	817	74,2	4,7	8,7
Akershus og Oslo .....	5 658	5 259	642	63,0	4,0	5,6
Hedmark .....	7 993	10 740	546	47,8	4,8	7,4
Oppland .....	6 827	10 935	409	33,1	4,5	4,0
Buskerud .....	4 043	6 190	974	40,8	2,2	6,9
Vestfold .....	3 810	3 750	1 077	63,4	6,8	10,7
Telemark .....	2 466	5 559	1 150	23,0	2,2	1,5
Aust-Agder.....	991	4 006	1 543	9,6	2,0	2,5
Vest-Agder .....	792	4 568	448	7,9	1,6	1,5
Rogaland .....	3 363	8 519	1 984	13,6	3,1	3,9
Hordaland og Bergen .....	220	10 475	1 006	3,7	1,2	0,9
Sogn og Fjordane .....	100	8 455	1 110	15,8	1,6	0,6
Møre og Romsdal .....	1 134	11 217	932	15,6	1,6	1,3
Sør-Trøndelag .....	5 489	9 416	454	24,0	2,6	1,8
Nord-Trøndelag .....	6 097	8 608	939	39,9	4,3	3,0
Nordland .....	219	15 009	933	20,3	1,5	1,0
Troms .....	25	9 235	579	0,7	1,1	1,4
Finnmark .....	—	1 494	36	—	0,9	0,5

<sup>1</sup> Bruk over 5 dekar. *Holdings with more than 5 decares.*

**Tabell 5. Jordbruksarealet etter bruken. 1000 dekar.**  
*Agricultural area by use. 1000 decares.*

År Year	Korn og erter <i>Grains and dry peas</i>	Grøn- fôr <i>Grains, cut green for feed</i>	Potet <i>Potato</i>	Rot- vokst- rar <i>Fodder roots</i>	Grøn- saker <i>Vege- tables</i>	Annan åker og hage <i>Other</i>	Åker og hage i alt <i>Total</i>	Eng til slått <i>Meadows for mowing</i>	Kultur- beite <i>Pastures</i>
1959.....	2 182	114	553	152	55	423	3 479	5 067	1 562
1960.....	2 230	97	568	161	52	401	3 509	5 059	1 567
1961.....	2 283	91	533	159	55	375	3 496	5 015	1 527
1962.....	2 296	109	504	160	54	408	3 531	4 851	1 544
1963.....	2 324	98	516	147	64	422	3 571	4 870	1 535
1964.....	2 428	108	490	150	58	418	3 652	4 672	1 566
1965.....	2 403	116	483	133	60	427	3 622	4 632	1 521
1966.....	2 322	142	446	120	62	481	3 573	4 601	1 533
1967.....	2 285	217	401	117	62	502	3 584	4 610	1 518

**Tabell 6. Arealet av dei ymse jordbruksvokstrar.**  
*Area of different crops.*

	Areal i dekar <i>Area in decares</i>			Endring i prosent <i>Percentage change</i>	
	1959	1966	1967	1959—1967	1966—1967
Kveite <i>Wheat</i> .....	92 555	17 606	32 931	— 64,4	+ 87,0
Rug <i>Rye</i> .....	10 831	3 286	7 069	— 34,7	+ 115,1
Bygg <i>Barley</i> .....	1 409 303	1 879 348	1 786 479	+ 26,8	— 4,9
Havre <i>Oats</i> .....	647 043	412 274	450 444	— 30,4	+ 9,3
Blandkorn <i>Mixed grains</i> .....	20 263	9 137	8 290	— 62,2	— 9,3
Erter <i>Dry peas</i> .....	1 685				
Korn og erter i alt <i>Total grains and dry peas</i> .....	2 181 680	2 321 651	2 285 213	+ 4,7	— 1,6
Oljevokstrar til mogning <i>Rapeseed</i> ..	..	63 637	94 207	..	+ 48,0
Grønfor <i>Grains, cut green for feed</i> ..	114 109	142 606	216 778	+ 90,0	+ 52,0
Potet <i>Potato</i> .....	552 478	446 263	401 380	— 27,3	— 10,1
Førnepe <i>Fodder turnips</i> .....	35 382	30 990	29 217	— 17,4	— 5,7
Kålrot <i>Swedes</i> .....	81 514	60 814	61 468	— 24,6	+ 1,1
Førbete <i>Fodder beats</i> .....	13 799	3 798	3 137	— 77,3	— 17,4
Førmergkål <i>Fodder kale</i> .....	21 114	24 033	22 674	+ 7,4	— 5,7
Rotvokstrar og førmergkål i alt <i>Total fodder roots and kale</i> .....	151 809	119 635	116 496	— 23,3	— 2,6
Grønsaker <i>Vegetables</i> .....	54 485	61 991	62 027	+ 13,9	+ 0,1
Jordbær <i>Strawberries</i> .....	8 706	276 632	272 073	— 17,4	— 1,6
Bringebær <i>Raspberries</i> .....	4 392				
Andre vokstrar på åker og i hage <i>Other</i> .....	316 091				
Brakk <i>Fallow land</i> .....	95 023	141 065	135 938	+ 43,1	— 3,6
Åker- og hageareal i alt <i>Total</i> .....	3 478 773	3 573 480	3 584 112	+ 3,0	+ 0,3
Eng til slått: <i>Meadows for mowing:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i> .....	4 303 025	4 165 772	4 198 566	— 2,4	+ 0,8
Natureng og overflatedyrka <i>Perma- nent grassland</i> .....	763 496	435 055	411 317	— 46,1	— 5,5
Kulturbeite: <i>Pastures:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i> .....	560 786	577 332	573 566	+ 2,3	— 0,7
Natureng og overflatedyrka <i>Perma- nent grassland</i> .....	1 001 119	955 350	944 562	— 5,6	— 1,1
Eng ikkje nytta: <i>Meadows unused:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i> .....	50 753	89 860	92 595	+ 82,4	+ 3,0
Natureng og overflatedyrka <i>Perma- nent grassland</i> .....	143 709	189 117	191 507	+ 33,3	+ 1,3
Jordbruksareal i alt <i>Total agric. area</i>	10 301 661	9 985 966	9 996 225	— 3,0	+ 0,1
Av dette fulldyrka <i>Of which cultivated land</i> .....	8 393 337	8 406 444	8 448 839	+ 0,7	+ 0,5

**Tabell 7. Jordbruksarealet i dei  
Agricultural area<sup>1</sup> by**

	I alt	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark
<b>Areal i dekar:</b>								
Kveite .....	32 931	8 112	5 602	6 026	4 075	1 175	996	1 654
Rug .....	7 069	2 958	433	1 516	561	75	665	520
Bygg .....	1 786 479	293 674	236 434	264 851	210 121	131 255	198 080	41 306
Havre .....	450 444	86 440	113 222	110 819	10 444	32 485	39 046	12 617
Blandkorn og erter .....	8 290	1 438	1 088	337	1 324	360	3 004	588
<b>Korn og erter i alt .....</b>	<b>2 285 213</b>	<b>392 622</b>	<b>356 779</b>	<b>383 549</b>	<b>226 525</b>	<b>165 350</b>	<b>241 791</b>	<b>56 685</b>
Oljevokstrar til mogning ..	94 207	20 194	17 050	18 072	4 578	17 342	13 775	2 512
Grønfor .....	216 778	8 197	13 193	29 397	35 412	6 292	4 313	2 357
Potet .....	401 380	24 392	23 628	54 962	50 404	15 299	26 762	13 377
Fôrnepe .....	29 217	611	832	2 978	1 548	508	1 228	202
Kålrot .....	61 468	8 483	9 083	6 483	2 653	4 845	6 824	1 983
Fôrbete .....	3 137	160	260	11	53	310	241	100
Fôrmergkål .....	22 674	2 792	3 552	1 801	1 652	1 211	1 003	250
<b>Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....</b>	<b>116 496</b>	<b>12 046</b>	<b>13 727</b>	<b>11 273</b>	<b>5 906</b>	<b>6 874</b>	<b>9 296</b>	<b>2 535</b>
Grønsaker .....	62 027	7 775	4 248	4 535	2 179	7 180	11 824	1 979
Andre vokstrar på åker og i hage .....	272 073	21 019	50 658	16 331	12 985	24 088	23 300	16 083
Brakk .....	135 938	16 953	22 752	35 319	7 902	12 937	12 411	7 394
<b>Åker og hage i alt .....</b>	<b>3 584 112</b>	<b>503 198</b>	<b>502 035</b>	<b>553 438</b>	<b>345 891</b>	<b>255 362</b>	<b>343 472</b>	<b>102 922</b>
Eng til slått:								
Fulldyrka .....	4 198 566	164 616	193 391	315 764	382 606	159 642	68 374	133 269
Natureng og overfl.dyrka	411 317	4 077	2 895	16 841	28 912	22 179	1 576	13 466
<b>Kulturbeite:</b>								
Fulldyrka .....	573 566	62 773	72 680	29 647	22 966	23 860	27 905	13 367
Natureng og overfl.dyrka	944 562	22 403	32 687	60 745	82 896	32 045	11 945	28 012
<b>Eng ikkje nytta:</b>								
Fulldyrka .....	92 595	4 329	7 689	4 610	3 283	6 214	2 476	13 703
Natureng og overfl.dyrka	191 507	4 948	17 476	17 991	23 724	8 969	3 258	6 967
<b>Jordbruksareal i alt .....</b>	<b>9 996 225</b>	<b>766 344</b>	<b>828 853</b>	<b>999 036</b>	<b>890 278</b>	<b>508 271</b>	<b>459 006</b>	<b>311 706</b>
<b>Fulldyrka jord i alt .....</b>	<b>8 448 839</b>	<b>734 916</b>	<b>775 795</b>	<b>903 459</b>	<b>754 746</b>	<b>445 078</b>	<b>442 227</b>	<b>263 261</b>
<b>Prosent:</b>								
Korn og erter .....	22,9	51,2	43,0	38,4	25,4	32,5	52,7	18,2
Potet .....	4,0	3,2	2,9	5,5	5,7	3,0	5,8	4,3
Rotvokstrar og fôrmergkål.	1,2	1,6	1,7	1,1	0,7	1,4	2,0	0,8
Annan åker og hage .....	7,8	9,7	13,0	10,4	7,1	13,3	14,3	9,7
<b>Åker og hage i alt .....</b>	<b>35,9</b>	<b>65,7</b>	<b>60,6</b>	<b>55,4</b>	<b>38,9</b>	<b>50,2</b>	<b>74,8</b>	<b>33,0</b>
Eng til slått .....	46,1	22,0	23,7	33,3	46,2	35,8	15,2	47,1
Kulturbeite .....	15,2	11,1	12,7	9,0	11,9	11,0	8,7	13,3
Eng ikkje nytta .....	2,8	1,2	3,0	2,3	3,0	3,0	1,3	6,6
<b>Jordbruksareal i alt .....</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>	<b>100,0</b>

<sup>1</sup> Translation, see table 6.



**Tabell 8. Åker- og hageareal etter fylke. 1967 i prosent av 1959 og 1966.**  
*Arable and horticultural land by county. 1967 as percentage of 1959 and 1966.*

Fylke <i>County</i>	Åker og hage i alt <i>Total</i>	Korn og erter <i>Grains and dry peas</i>	Potet <i>Potato</i>	Rotvokstrar <i>Fodder roots</i>	Annan åker og hage <i>Other</i>
1959 = 100					
Østfold .....	114,7	115,4	68,9	78,1	155,7
Akershus og Oslo ....	104,2	102,2	59,6	90,9	138,4
Hedmark .....	109,1	104,7	81,2	65,7	185,6
Oppland .....	97,7	93,8	83,6	66,5	146,1
Buskerud .....	103,9	99,6	72,1	99,0	131,8
Vestfold .....	116,9	120,5	74,2	76,5	146,1
Telemark .....	95,1	105,2	75,0	57,0	94,6
Aust-Agder .....	87,1	79,4	81,9	76,4	98,7
Vest-Agder .....	73,3	60,7	72,8	54,0	86,6
Rogaland .....	77,5	64,8	59,8	69,4	134,5
Hordaland og Bergen .	76,9	28,4	59,7	76,3	91,3
Sogn og Fjordane ....	82,9	73,9	72,3	64,6	95,4
Møre og Romsdal ....	80,4	62,2	64,8	57,9	118,5
Sør-Trøndelag .....	107,3	110,7	83,2	78,8	133,6
Nord-Trøndelag .....	113,1	116,1	71,3	102,6	202,8
Nordland .....	87,7	55,9	76,9	119,6	110,0
Troms .....	54,9	7,7	70,0	139,2	35,4
Finmark .....	29,4	—	83,4	147,5	14,8
I alt <i>Total</i> .....	103,0	104,7	72,7	76,7	131,8
1966 = 100					
Østfold .....	100,9	98,8	90,5	102,1	118,3
Akershus og Oslo ....	100,0	97,7	86,1	94,6	113,7
Hedmark .....	102,2	100,4	91,3	95,3	118,9
Oppland .....	99,1	96,1	89,0	94,5	124,6
Buskerud .....	99,0	97,8	91,8	102,7	103,5
Vestfold .....	104,1	104,4	90,1	104,7	110,1
Telemark .....	101,5	109,3	95,3	84,6	93,3
Aust-Agder .....	101,8	102,0	94,6	115,6	104,8
Vest-Agder .....	92,9	96,9	90,6	96,3	92,1
Rogaland .....	95,6	81,9	81,3	99,1	129,0
Hordaland og Bergen .	96,7	53,8	87,3	82,7	104,5
Sogn og Fjordane ....	92,7	80,4	86,7	86,6	98,8
Møre og Romsdal ....	92,1	76,2	86,4	88,2	107,6
Sør-Trøndelag .....	98,9	96,0	94,4	99,4	119,8
Nord-Trøndelag .....	102,1	98,4	92,8	100,9	152,7
Nordland .....	101,4	91,5	94,8	76,3	111,8
Troms .....	92,1	—	90,2	70,9	98,9
Finmark .....	95,9	—	94,8	80,8	98,6
I alt <i>Total</i> .....	100,3	98,4	89,9	97,4	113,9





Tabell 11. Avlinga i jordbruket. 1 000 tonn. *Agricultural production. 1 000 tons.*

År Year	Kveite Wheat	Rug Rye	Bygg Barley	Havre Oats	Korn og erter i alt <sup>1</sup> Total grains and dry peas	Grønfor Grains, cut green for feed	Potet Potato	Rot- vokst- rar Fodder roots	Høy i alt Hay, total	Halm Straw	Førein- ingar i alt <sup>2</sup> Total
1959.....	20	2	304	117	448	57	1 071	673	2 753	408	1 959
1963.....	18	3	463	113	599	54	1 218	747	2 837	647	2 242
1964.....	20	2	480	126	630	54	804	608	2 777	708	2 157
1965.....	12	2	485	113	614	62	1 134	675	2 778	683	2 219
1966.....	4	1	405	91	504	76	1 090	636	2 728	494	2 039
1967.....	11	2	485	123	624	117	807	599	2 749	593	2 136

<sup>1</sup> Blandkorn og erter til mogning rekna med. *Mixed grains and dry peas included.* <sup>2</sup> Millionar f.e. *Millions of feed units. 1 unit = the nutritive value of 1 kilo of barley.* Ved omrekninga til føreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, fôrbete og fôrmergkål, 12 kg fôrnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønfor. Desse omrekningfaktorane er nytta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen syner. I 1959 blei det rekna med om lag 890 mill. føreiningar frå beite. Av dette var 380 mill. f.e. frå utmarksbeite.

Tabell 12. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar. 1967. *Agricultural crops. 1967.*

	Areal Area Dekar Decares	Avling i kg pr. dekar Yield in kilos per decare	Avling i tonn Production in tons	Prosent av eit middelsår <sup>1</sup> Percentage of mean an- nual yield	Kvalitet <sup>2</sup> Quality
Kveite <i>Wheat</i> .....	32 931	321	10 583	104	4,3
Rug <i>Rye</i> .....	7 069	328	2 319	105	4,0
Bygg <i>Barley</i> .....	1 786 479	272	485 459	97	3,8
Havre <i>Oats</i> .....	450 444	273	122 836	95	3,3
Blandkorn og erter <i>Mixed grains and dry peas</i>	8 290	280	2 319	94	3,8
Korn og erter i alt <i>Total grains and dry peas</i>	2 285 213	273	623 516	97	3,7
Potet <i>Potato</i> .....	401 380	2 010	806 766	83	3,6
Fôrnepe <i>Fodder turnips</i> .....	29 217	4 929	143 998	91	4,0
Kålrot <i>Swedes</i> .....	61 468	5 172	317 894	95	4,0
Fôrbete <i>Fodder beats</i> .....	3 137	3 967	12 446	80	4,1
Fôrmergkål <i>Fodder kale</i> .....	22 674	5 511	124 963	93	4,2
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt <i>Total fodder roots and kale</i> .....	116 496	5 144	599 301	93	4,0
Grønfor (tørt) <i>Grains, cut green for feed (dried)</i>	216 778	540	116 963	91	3,6
Høy frå eng på fulldyrka jord <i>Hay from cultivated meadows</i> .....	4 198 566	616	2 588 206	94	3,6
Høy frå natureng og overflatedyrka jord <i>Hay from permanent grassland</i> .....	411 317	391	160 823	89	3,1
Høy i alt <i>Hay total</i> .....	4 609 883	596	2 749 029	94	3,6
Halm <i>Straw</i> .....	2 285 213	260	593 422	94	3,6
I alt 1000 føreiningar (f.e.) <i>Total in 1000 feed units (f.u.)</i> .....	.	.	2 135 839	94	3,6

<sup>1</sup> Nemninga «middelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonene. Det er berre høyet som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av middelsårsavling. For åkervokstrane ligg middelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92, og for samla avling på 95 prosent. *Mean annual yield is reckoned as a harvest in a medium good year, when there are no abnormal conditions.* <sup>2</sup> Kvalitetsgradering: 5 = særst god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = dårleg. *Quality: 5 = extremely good, 4 = very good, 3 = good, 2 = not good, 1 = bad.*

**Tabell 13. Avlinga i dei einsskilte fylke rekna i föreningar.**  
*Agricultural production by county in terms of feed units.*

Fylke County	Avling i 1000 f.e. Yield in 1000 f.u.			I prosent av middelsåret Percentage of mean annual yield		
	1965	1966	1967	1965	1966	1967
Østfold .....	179 545	177 040	204 297	89,2	89,6	103,6
Akershus og Oslo..	166 761	154 122	185 113	86,7	81,8	100,9
Hedmark .....	249 016	213 029	244 062	93,9	85,3	96,6
Oppland .....	223 542	206 685	212 817	98,0	91,8	95,3
Buskerud .....	110 357	100 188	100 299	94,1	89,1	89,6
Vestfold .....	115 519	101 191	114 921	93,0	82,9	93,3
Telemark .....	55 220	52 716	59 291	93,9	93,8	100,1
Aust-Agder.....	28 978	27 749	31 800	99,4	97,7	103,2
Vest-Agder .....	38 662	35 313	35 670	102,2	95,0	98,9
Rogaland .....	144 851	131 839	120 166	105,1	95,4	89,1
Hordaland og Bergen .....	97 483	91 508	87 672	102,1	96,9	90,8
Sogn og Fjordane..	95 844	102 358	96 553	97,6	99,8	93,1
Møre og Romsdal..	137 356	128 514	126 825	99,0	93,8	92,7
Sør-Trøndelag ....	166 790	148 128	156 641	99,2	88,0	91,7
Nord-Trøndelag ..	195 925	147 452	176 778	101,8	79,2	93,3
Nordland .....	130 722	126 348	119 234	92,1	93,6	87,6
Troms .....	62 770	70 129	48 170	82,2	96,9	66,9
Finnmark .....	19 749	24 680	15 530	79,4	103,6	63,6
I alt Total .....	2 219 090	2 038 989	2 135 839	95,3	89,6	93,6

**Tabell 14. Avling pr. dekar. Yield per decare.**

År Year	Kveite Wheat	Rug Rye	Bygg Barley	Havre Oats	Bland- korn Mixed grains	Potet Pota- to	Før- nepe Fodder turnips	Kålrot Swedes	Høy frå Hay from		I alt i f.e. Total in f.u
									eng på fulldyr- ka jord cultiva- ted mea- dows	natur- eng og overfl- dyrka perma- nent grass- land	
Avling i kg pr. dekar Yield in kilos per decare											
a.											
1960—64	255	255	257	249	257	2 063	4 535	4 706	618	383	278
1959	215	214	216	182	170	1 938	4 766	3 983	574	368	243
1963	255	230	258	257	267	2 358	5 370	4 860	611	383	282
1964	279	263	264	241	259	1 641	3 402	4 243	619	386	275
1965	278	254	257	249	235	2 348	5 212	4 705	623	389	286
1966	235	221	216	222	231	2 443	5 054	5 209	612	409	267
1967	321	328	272	273	280	2 010	4 929	5 172	616	391	280
b.											
Avling i prosent av middelsåret Percentage of mean annual yield											
1960—64	93	94	94	92	95	88	89	93	100	98	96
1959	81	81	79	70	65	83	94	79	97	98	87
1963	94	87	96	95	99	100	104	96	98	96	97
1964	93	96	94	85	93	69	68	83	99	95	93
1965	94	92	92	87	85	97	99	91	98	95	95
1966	79	79	77	78	78	100	95	99	96	98	90
1967	104	105	97	95	94	83	91	95	94	89	94
c.											
Utrekna middelsårsavling i kg pr. dekar Calculated mean annual yield in kilos per decare											
1959	267	263	273	260	264	2 343	5 082	5 031	594	374	278
1963	272	264	269	271	269	2 353	5 156	5 055	624	397	289
1964	301	274	283	283	281	2 373	4 997	5 129	628	405	297
1965	295	275	280	285	278	2 412	5 243	5 201	639	411	300
1966	297	279	279	284	296	2 443	5 333	5 274	641	418	298
1967	308	314	280	288	297	2 437	5 404	5 420	653	441	299

Tabell 15. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar

	I alt	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark
Samla avling i tonn <i>Production. Tons</i>								
Kveite .....	10 583	2 799	1 704	2 019	1 440	306	319	406
Rug .....	2 319	1 062	133	546	163	15	166	156
Bygg .....	485 459	87 016	62 040	74 900	61 986	31 895	52 868	11 252
Havre .....	122 836	24 609	30 513	32 946	3 034	7 699	9 637	3 452
Blandkorn og erter .....	2 319	417	272	98	333	87	901	168
Korn og erter i alt .....	623 516	115 903	94 662	110 509	66 956	40 002	63 891	15 434
Potet .....	806 766	59 590	54 250	118 003	112 552	33 811	64 844	30 740
Fôrnepe .....	143 998	3 310	5 227	15 310	8 790	2 837	7 982	880
Kålrot .....	317 894	45 350	54 271	38 133	14 663	25 766	41 715	10 500
Fôrbete .....	12 446	760	1 300	55	265	1 395	1 326	475
Fôrmergkål .....	124 963	17 031	20 246	9 599	9 251	6 452	5 330	1 475
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	599 301	66 451	81 044	63 097	32 969	36 450	56 353	13 330
Høy frå fulldyrka eng ....	2 588 206	106 194	121 508	183 554	226 005	90 868	45 387	76 297
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	160 823	1 019	955	5 389	9 593	7 368	630	4 873
Høy i alt .....	2 749 029	107 213	122 463	188 943	235 598	98 236	46 017	81 170
Grønfôr (tørt).....	116 963	4 508	7 916	15 580	20 574	3 580	2 588	943
Halm .....	593 422	111 976	92 227	100 183	63 540	38 444	52 590	13 587
Samla avling i 1000 f.e. <i>Production. 1000 f. u.</i>								
Kveite .....	10 583	2 799	1 704	2 019	1 440	306	319	406
Rug .....	2 319	1 062	133	546	163	15	166	156
Bygg .....	485 459	87 016	62 040	74 900	61 986	31 895	52 868	11 252
Havre .....	102 366	20 508	25 428	27 455	2 528	6 416	8 031	2 877
Blandkorn og erter .....	2 108	379	247	89	303	79	819	153
Korn og erter i alt .....	602 835	111 764	89 552	105 009	66 420	38 711	62 203	14 844
Potet .....	179 281	13 242	12 056	26 222	25 011	7 514	14 410	6 831
Fôrnepe .....	12 000	276	436	1 276	733	236	665	73
Kålrot .....	35 322	5 039	6 030	4 237	1 629	2 863	4 635	1 167
Fôrbete .....	1 383	84	144	6	29	155	147	53
Fôrmergkål .....	13 885	1 892	2 250	1 067	1 028	717	592	164
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	62 590	7 291	8 860	6 586	3 419	3 971	6 039	1 457
Høy frå fulldyrka eng ....	1 035 282	42 478	48 603	73 422	90 402	36 347	18 155	30 519
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	64 329	408	382	2 156	3 837	2 947	252	1 949
Høy i alt .....	1 099 611	42 886	48 985	75 578	94 239	39 294	18 407	32 468
Grønfôr (tørt).....	46 785	1 803	3 166	6 232	8 230	1 432	1 035	377
Halm .....	144 737	27 311	22 494	24 435	15 498	9 377	12 827	3 314
I alt .....	2 135 839	204 297	185 113	244 062	212 817	100 299	114 921	59 291

<sup>1</sup> Translation, see table 12.

etter fylke. 1967. *Agricultural crops<sup>1</sup> by county. 1967.*

Aust-Agder	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark
4	57	63	—	3	—	168	1 295	—	—	—
—	—	5	—	—	—	64	9	—	—	—
2 635	997	5 820	125	294	4 054	29 986	58 945	643	3	—
164	298	3 813	53	21	218	2 818	3 433	128	—	—
11	—	—	—	—	20	9	3	—	—	—
2 814	1 352	9 701	178	318	4 292	33 045	63 685	771	3	—
23 477	14 677	48 029	16 819	19 212	32 945	50 284	75 058	33 588	16 696	2 191
1 217	761	17 736	1 425	2 611	11 132	23 414	37 444	3 261	366	295
5 548	3 057	32 139	4 922	3 349	5 365	5 141	26 551	824	600	—
1 746	729	3 939	110	—	124	96	126	—	—	—
1 189	3 346	35 691	2 521	2 027	2 108	3 376	4 881	440	—	—
9 700	7 893	89 505	8 978	7 987	18 729	32 027	69 002	4 525	966	295
53 816	71 186	203 036	174 497	185 677	256 560	241 906	174 977	246 416	99 372	30 950
670	1 583	3 622	29 635	40 398	13 264	1 947	1 366	22 040	10 375	6 096
54 486	72 769	206 658	204 132	226 075	269 824	243 853	176 343	268 456	109 747	37 046
860	1 700	13 500	2 720	1 545	10 434	9 192	12 291	7 384	1 147	501
2 526	1 898	11 936	272	433	5 633	35 944	61 116	1 113	4	—
4	57	63	—	3	—	168	1 295	—	—	—
—	—	5	—	—	—	64	9	—	—	—
2 635	997	5 820	125	294	4 054	29 986	58 945	643	3	—
137	248	3 178	44	18	182	2 348	2 861	107	—	—
10	—	—	—	—	18	8	3	—	—	—
2 786	1 302	9 066	169	315	4 254	32 574	63 113	750	3	—
5 217	3 262	10 673	3 738	4 269	7 321	11 174	16 680	7 464	3 710	487
101	63	1 477	119	218	928	1 951	3 120	272	31	25
616	340	3 571	547	372	596	571	2 950	92	67	—
194	81	439	12	—	14	11	14	—	—	—
132	372	3 966	280	225	234	375	542	49	—	—
1 043	856	9 453	958	815	1 772	2 908	6 626	413	98	25
21 526	28 474	81 214	69 799	74 271	102 624	96 762	69 991	98 566	39 749	12 380
268	633	1 449	11 854	16 159	5 306	779	546	8 816	4 150	2 438
21 794	29 107	82 663	81 653	90 430	107 930	97 541	70 537	107 382	43 899	14 818
344	680	5 400	1 088	618	4 174	3 677	4 916	2 954	459	200
616	463	2 911	66	106	1 374	8 767	14 906	271	1	—
31 800	35 670	120 166	87 672	96 553	126 825	156 641	176 778	119 234	48 170	15 530

Tabell 15 (framh). Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar

	I alt	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark
Prosent. F.e. i alt = 100 <i>Percentage of total crop</i>								
Kveite .....	0,5	1,4	0,9	0,8	0,7	0,3	0,3	0,7
Rug .....	0,1	0,5	0,1	0,2	0,1	—	0,1	0,3
Bygg .....	22,7	42,6	33,5	30,7	29,1	31,8	46,0	19,0
Havre .....	4,8	10,0	13,7	11,2	1,2	6,4	7,0	4,9
Korn og erter i alt .....	28,2	54,7	48,4	43,0	31,2	38,6	54,1	25,0
Potet .....	8,4	6,5	6,5	10,7	11,7	7,5	12,5	11,5
Fôrnepe .....	0,6	0,1	0,2	0,5	0,3	0,2	0,6	0,1
Kålrot .....	1,6	2,5	3,3	1,7	0,8	2,9	4,0	2,0
Fôrbete .....	0,1	—	0,1	—	—	0,2	0,1	0,1
Fôrmergkål .....	0,7	1,0	1,2	0,4	0,5	0,7	0,5	0,3
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	2,9	3,6	4,8	2,7	1,6	4,0	5,3	2,5
Høy frå fulldyrka eng ....	48,5	20,8	26,3	30,1	42,5	36,2	15,8	51,5
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	3,0	0,2	0,2	0,9	1,8	2,9	0,2	3,3
Høy i alt .....	51,5	21,0	26,5	31,0	44,3	39,2	16,0	54,8
Grønfor (tørt) .....	2,2	0,9	1,7	2,6	3,9	1,4	0,9	0,6
Halm .....	6,8	13,3	12,1	10,0	7,3	9,3	11,2	5,6
I alt .....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Avling i kg pr. dekar <i>Yield per decare. Kilos</i>								
Kveite .....	321	345	304	335	353	260	320	246
Rug .....	328	359	307	360	290	200	250	300
Bygg .....	272	296	262	283	295	243	267	272
Havre .....	273	285	270	297	291	237	247	274
Korn og erter i alt .....	273	295	265	288	296	242	264	272
Potet .....	2 010	2 443	2 296	2 147	2 233	2 210	2 423	2 298
Fôrnepe .....	4 929	5 417	6 283	5 141	5 678	5 585	6 500	4 356
Kålrot .....	5 172	5 346	5 975	5 882	5 527	5 318	6 113	5 295
Fôrbete .....	3 967	4 750	5 000	5 000	5 000	4 500	5 500	4 750
Fôrmergkål .....	5 511	6 100	5 700	5 330	5 600	5 328	5 314	5 900
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt .....	5 144	5 516	5 904	5 597	5 582	5 303	6 062	5 258
Høy frå fulldyrka eng ....	616	645	628	581	591	569	664	573
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	391	250	330	320	332	332	400	362
Høy i alt .....	596	636	624	568	573	540	658	553
Grønfor .....	540	550	600	530	581	569	600	400
Halm .....	260	285	259	261	281	233	218	240

etter fylke. 1967.

Aust- Agder	Vest- Agder	Roga- land	Horda- land og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør- Trønde- lag	Nord- Trønde- lag	Nord- land	Troms	Finn- mark
—	0,2	0,1	—	—	—	0,1	0,7	—	—	—
—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
8,3	2,8	4,8	0,1	0,3	3,2	19,1	33,3	0,5	—	—
0,4	0,7	2,6	0,1	—	0,1	1,5	1,6	0,1	—	—
8,8	3,7	7,5	0,2	0,3	3,3	20,8	35,7	0,6	—	—
16,4	9,1	8,9	4,3	4,4	5,8	7,1	9,4	6,3	7,7	3,1
0,3	0,2	1,2	0,1	0,2	0,7	1,2	1,8	0,2	0,1	0,2
1,9	1,0	3,0	0,6	0,4	0,5	0,4	1,7	0,1	0,1	—
0,6	0,2	0,4	—	—	—	—	—	—	—	—
0,4	1,0	3,3	0,3	0,2	0,2	0,2	0,3	—	—	—
3,3	2,4	7,9	1,1	0,8	1,4	1,9	3,8	0,3	0,2	0,2
67,7	79,8	67,6	79,6	76,9	80,9	61,8	39,6	82,7	82,5	79,7
0,8	1,8	1,2	13,5	16,8	4,2	0,5	0,3	7,4	8,6	15,7
68,5	81,6	68,8	93,1	93,7	85,1	62,3	39,9	90,1	91,1	95,4
1,1	1,9	4,5	1,2	0,7	3,3	2,3	2,8	2,5	1,0	1,3
1,9	1,3	2,4	0,1	0,1	1,1	5,6	8,4	0,2	—	—
100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
250	178	240	.	210	.	270	319	.	.	.
300	.	240	.	.	.	225	237	.	.	.
294	210	215	214	205	243	248	260	168	160	.
288	238	205	225	158	248	275	267	204	.	.
294	214	211	217	201	243	250	262	173	167	.
2 522	1 864	1 701	1 257	1 357	1 685	1 952	1 909	1 451	1 593	1 635
5 050	4 875	4 638	3 873	3 762	4 542	4 882	4 798	3 967	3 850	5 000
4 518	4 263	4 307	3 435	3 177	3 424	4 058	4 504	2 832	3 000	.
5 089	3 700	2 922	5 000	.	3 750	4 000	3 600	.	.	.
5 357	5 700	5 496	3 769	4 267	4 880	5 100	6 250	4 840	.	.
4 769	4 763	4 679	3 603	3 593	4 178	4 745	4 754	3 758	3 275	5 000
649	616	821	651	754	760	633	605	552	374	310
330	403	571	427	498	457	370	350	369	281	258
641	609	815	605	690	736	630	602	530	363	300
473	554	613	534	480	579	540	460	430	445	567
264	301	259	333	274	319	272	251	250	215	.

Tabell 15 (framh.). Avlinga av dei ymse

	I alt	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark
Avling i prosent av middels- året <i>Percentage of mean annual yield</i>								
Kveite .....	104	106	105	105	110	92	104	101
Rug .....	105	107	110	108	100	80	95	100
Bygg .....	97	104	101	99	101	88	92	100
Havre .....	95	100	100	100	102	85	84	97
Korn og erter i alt .....	97	103	100	100	101	87	91	99
Potet .....	83	100	99	92	91	94	96	103
Førnepe .....	91	92	103	95	98	99	104	98
Kålrot .....	95	101	102	101	98	97	102	104
Førbete .....	80	95	100	100	100	100	100	95
Førmergkål .....	93	103	101	96	99	97	105	100
Rotvokstrar og førmergkål i alt .....	93	101	101	99	98	97	102	102
Høy frå fulldyrka eng ....	94	110	105	95	93	93	108	101
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	89	105	103	90	88	87	108	99
Høy i alt .....	94	110	105	95	93	93	108	101
Grønfør (tørt) .....	91	105	95	88	95	96	100	90
Halm .....	94	98	97	98	93	81	82	94
I alt .....	94	104	101	97	95	90	93	100
Kvalitet <sup>1</sup> <i>Quality</i>								
Kveite .....	4,3	4,1	4,0	4,5	5,0	4,0	4,3	4,0
Rug .....	4,0	4,2	4,2	3,5	4,5	3,8	4,1	4,0
Bygg .....	3,8	3,9	3,5	3,9	4,0	3,5	4,1	4,2
Havre .....	3,3	3,1	3,0	3,6	4,4	3,2	3,0	3,5
Potet .....	3,7	3,5	3,6	4,0	4,1	3,9	3,8	3,9
Førnepe .....	4,0	3,5	3,9	4,2	4,2	4,3	3,8	4,2
Kålrot .....	4,0	4,0	4,0	4,2	4,7	4,3	3,8	4,3
Førbete .....	4,1	4,0	4,0	4,0	4,0	5,0	4,0	3,5
Førmergkål .....	4,2	4,4	4,1	4,2	4,4	4,4	3,9	4,8
Høy frå fulldyrka eng ....	3,6	4,3	4,4	4,4	4,5	4,6	4,6	4,6
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng .....	3,1	4,0	4,0	4,1	4,2	4,2	4,5	4,0
Grønfør (tørt) .....	3,7	4,0	4,5	3,9	4,1	3,8	3,0	4,0
Halm .....	3,6	3,6	3,2	3,5	3,4	3,3	3,9	3,7

<sup>1</sup> Kvalitetsgradering: 5 = sær god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = dårleg.

*Translation, see table 12.*

## jordbruksvokstrar etter fylke. 1967.

Aust-Agder	Vest-Agder	Rogaland	Hordaland og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør-Trøndelag	Nord-Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark
110	68	76	.	75	.	90	104	.	.	.
110	.	70	.	.	.	90	95	.	.	.
95	82	59	70	76	99	92	97	76	80	.
96	82	56	75	55	87	91	100	85	.	.
95	82	58	71	74	99	92	97	77	75	.
103	86	64	51	51	68	74	73	69	77	94
103	95	87	72	67	85	93	91	76	70	100
101	93	78	67	66	79	94	97	71	73	.
102	77	59	90	.	75	80	80	.	.	.
99	96	83	66	72	88	95	105	94	.	.
101	93	80	67	68	83	93	94	76	72	100
105	102	104	95	98	95	94	95	90	66	63
93	102	104	94	95	94	92	85	88	65	62
105	102	104	95	97	95	94	95	89	66	63
101	97	79	92	87	92	93	96	85	79	90
98	90	73	86	102	96	97	100	85	90	.
103	99	89	91	93	93	92	93	88	67	64
4,0	2,3	2,5	.	3,0	.	3,8	4,4	.	.	.
4,5	.	2,5	.	.	.	4,0	4,2	.	.	.
3,6	3,1	2,8	2,9	3,3	4,0	3,8	3,6	3,8	3,8	.
3,8	2,1	2,7	2,5	2,0	3,4	3,3	4,0	3,5	.	.
3,7	3,4	3,2	3,2	3,6	3,3	3,2	3,0	4,0	4,2	3,3
4,3	4,0	3,8	3,8	3,9	3,8	4,1	4,2	4,0	4,0	4,0
4,2	3,5	3,4	3,8	3,8	3,5	4,1	4,1	4,1	4,4	.
4,4	3,6	3,9	4,5	.	4,0	4,0	4,0	.	.	.
4,5	4,3	3,9	3,6	4,3	3,4	4,2	4,5	4,0	.	.
4,3	3,7	3,5	3,0	2,9	3,0	3,8	3,2	3,0	2,4	2,8
4,0	3,4	3,3	3,0	2,7	2,7	3,8	3,5	2,9	2,3	2,8
4,0	3,6	3,2	3,1	2,8	3,8	4,2	4,0	3,3	2,8	3,3
3,3	3,2	2,9	2,8	2,8	3,9	3,9	4,1	4,0	4,0	.



Tabell 16. Avlinga av dei ymse hagebruksvokstrar. 1967. *Horticultural crops. 1967.*

	Talet på einingar <i>Number of units</i>	Avling i kg pr. eining <i>Yield in ki- los per unit</i>	Avling i tonn <i>Production in tons</i>	Prosent av eit middelsår <i>Percentage of mean an- nual yield</i>
Sommareple <i>Summer apple</i> .....	645 300 tre <i>trees</i>	20,3	13 088	95
Vintereple <i>Winter apple</i> .....	1 895 000 »	19,1	36 115	79
Eple i alt <i>Apples, total</i> .....	2 540 300 tre	19,4	49 203	83
Pære <i>Pear</i> .....	387 400 »	13,5	5 244	47
Plomme <i>Plum</i> .....	887 200 »	14,0	12 427	82
Kirsebær, søt-, sur- <i>Cherries</i> .....	337 200 »	6,6	2 217	48
Frukt i alt <i>Fruit, total</i> .....	4 152 100 tre	.	69 091	76
Rips <i>Red currant</i> .....	1 859 000 buskar <i>shrubs</i>	4,8	8 955	90
Stikkelsbær <i>Gooseberry</i> .....	1 027 000 »	3,7	3 830	88
Solbær <i>Black currant</i> .....	2 417 000 »	3,0	7 146	87
Jordbær <i>Strawberry</i> .....	11 657 dekar <i>decares</i>	834	9 720	109
Bringebær <i>Raspberry</i> .....	4 299 »	498	2 139	89
Hagebær i alt <i>Berries, total</i> .....	.	.	31 790	94
Blomkål <i>Cauliflower</i> .....	6 746 dekar	1 409	9 503	103
Sommar- og haustkvitkål <i>Early cabbage</i>	5 122 »	2 382	12 198	97
Vinterkvitkål <i>Winter cabbage, white</i> ..	11 362 »	3 614	41 065	99
Annan kål <i>Other cabbage and kale</i> ....	641 »	950	609	97
Kål i alt <i>Cabbage, total</i> .....	23 871 dekar	2 655	63 375	99
Gulrot <i>Carrot</i> .....	15 065 »	2 774	41 794	91
Bønner <i>Beans</i> .....	1 281 »	1 029	1 319	143
Hageerter i alt (konserves og andre) <i>Garden peas, total (for conserving and other)</i> .....	6 871 »	527	3 621	113
Purre <i>Leek</i> .....	1 107 »	2 260	2 501	101
Selleri <i>Root celery</i> .....	601 »	1 659	997	103
Raudbete <i>Beet root</i> .....	986 »	1 885	1 859	98
Matlauk <i>Onion</i> .....	2 175 »	2 227	4 844	95
Rabarbra <i>Rhubarb</i> .....	258 »	3 822	987	100
Agurk på friland <i>Cucumber field grown</i> .	1 098 »	1 333	1 463	181
Tomat på friland <i>Tomato, field grown</i> ..	32 »	1 186	38	115
Sum grønsaker på friland <i>Vegetables, field grown</i> .....	53 345 dekar	.	122 798	97
Agurk under glas <i>Cucumber under glass</i>	180 400 m <sup>2</sup>	19,5	3 520	89
Tomat under glas <i>Tomato under glass</i> .	789 500 »	12,3	9 703	95
Sum grønsaker under glas <i>Vegetables under glass</i> .....	969 900 m <sup>2</sup>	.	13 223	93
Grønsaker i alt <sup>1</sup> <i>Vegetables, total</i> .....	.	.	136 021	97

